ÅRSMELDING 2010

NSG
Norsk sau og geit

Sogn og Fjordane Sau og Geit

Skei Hotel, Skei i Jølster
25.-26. februar 2011

Vi medvirkar til å halde Noreg levande og grønt

...fordi vi bryr oss og fordi vi kan.

I meir enn 100 år har vi vore ein av landbruket sine viktigaste samarbeidspartnar. Det skal vi framleis være, samtidig som vår fagkompetanse skal komme alle til gode. Vi har mål om framleis vekst, innan både landbruksvirksomheita og gjennom alle våre dotterselskap.

Ein styrkar både samvirket og bondens innkjøpsmakt ved å nytte Felleskjøpet til innkjøp både privat og i drifta på garden.

Felleskjøpet

Levende opptatt av det

INNHALD

- Program for årsmøte 2011 3
- Lokallag og lokallagsleiarar SFSG 2010 4
- Referat frå årsmøte i SFSG 2011 6
- Årsmelding 2010 for SFSG 11
- Innspel jordbrukstingingane 2011 17
- Ny landbruksmelding 2011 21
- Rekneskap 2008 frå styret i SFSG 25
- Referat frå leiarsamlinga i SFSG 2009 27
- Årsmelding frå avlsutvalet for sau 30
- Ringstatistikk 2009 31
- Kåringsstatistikk for verelam 32
- Beste verar i Sogn og Fjordane 2009 33
- Årsrapport "Geit i vekst" 2010 34
- Tak frå geitkontrollen 2010 37
- Kåring bukkekje 2010 38
- Årsmelding frå gjetarhundnemnda 2010 40
- SNO-info og skadedokumentasjon rovvilt i Sogn og Fjordane 2010 41
- Kontaktar i Statens Naturoppsyn 2010 42
- Strategi for reduksjon av tap av lam på utmarksbeite 43
- Styret i Sogn og Fjordane sau og geit 46
- Sentrale e-postadressar 47

I redaksjonen for Sogn og Fjordane sau- og geit si Årsmelding 2010:

Leif Brekken - ansvarleg for stoffinnsamling.
Eva Høydal - annonseansvarleg.
Knut Laasbye, Gulaprent - ansvarleg for formgjeving, fotohandsaming, og korrektur.

GULAPRENT
Tlf. 41410490 - Gamle Røisliveg 7, 2611 Lillehammer
gulaprent@c2i.net

PROGRAM FOR ÅRSMØTE I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT

Skei Hotel, Skei i Jølster 25.-26. februar 2011

Fredag 25. februar 2011

Fagdag:	
12.00-13.00	Lunsj
13.00	Opning
13.15	Nytt frå Tine
13.35	Geit i Vekst
14.00-16.00	Gruppearbeid om innspel til jordbrukstingingane. Innlagd kaffipause under gruppearbeidet.
16.30	Nytt frå Felleskjøpet
17.00	Nytt frå Fylkesmannen
17.30	Nytt frå Nortura
18.00	Presentasjon av innspel til jordbrukstingingane
20.00	Middag

Laurdag 26. februar

09.00-10.00	Lokallaga sin time
10.00	Møtestart, årsmøte
14.00	Avslutning med lunsj

Det kan bli mindre endringar i programmet.

VELKOMEN!

Sogn og Fjordane Sau og Geit vil rette ein stor takk til annonsørane og alle som har hjelpt til med tekst og bilete til årsmeldinga!

NSG Norsk Sau og Geit

NSG

LOKALLAG OG LOKALLAGSLEIARAR I SFSG 2010

Arnafjord saualslag	Olav J. Dale	6893 Vik i Sogn	6
Askrova saualslag	Johnny Jeppersen	6919 Tansøy	18
Askvoll Sau og Geit	Noralf Høydal	6983 Kvammen	32
Aurland Sau og Geit	Sigurd Vikesland	5741 Aurland	45
Breim Sau og Geit	Lars Olav Vanberg, Kandal	6823 Sandane	34
Brekke Sau og Geit	Kåre Krakhella	5961 Brekke	22
Bremanger Sau og Geit	Karin Grotle Erlandsen	6727 Bremanger	30
Bygstad Sau og Geit	Audun Bringeland	6977 Bygstad	12
Eid Sau og Geit	Steinar Bugjerde	6770 Nordfjordeid	48
Eikefjord Sau og Geit	Marianne Kvamme	6940 Eikefjord	29
Feios Sau og Geit	Rune Lunde	6895 Feios	7
Fjorden og Dale Sau og Geit	John Øvrebø	6977 Bygstad	20
Fjærland saualslag	Hans I. Haugen	6848 Fjærland	12
Flekke Sau og Geit	Peter Kåre Igelkjøn	6968 Flekke	17
Fresvik Sau og Geit	Jardar Bøthun	6896 Fresvik	11
Førde Sau og Geit	Olav Kåre Kusslid	6800 Førde	53
Gaupne Sau og Geit	Elling Lillesvangstu	6868 Gaupne	10
Gloppen Sau og Geit	Morten Rygg	6823 Sandane	36
Guddal Sau og Geit	Inger Helen Stenevik	6966 Guddal	10
Gulen Sau og Geit	Arne Vilsvik	5966 Eivindvik	20
Hafslo Sau og Geit	Tom Idar Kvam	6869 Hafslo	14
Hestad krins saualslag	Knut Arne Laukeland	6977 Bygstad	8
Holmedal Sau og Geit	Terje Mork	6982 Holmedal	29
Hornindal Sau og Geit	Per Øen, Botnen	6763 Hornindal	17
Hyen Sau og Geit	Bjørn Holme	6829 Hyen	17
Hyllestad Sau og Geit	Eirik Koefoed	6958 Sørbøvåg	11
Indre Hafslo Sau og Geit	Thorleiv Hurthi	6873 Marifjøra	20
Jostedal Sau og Geit	Ove Baggetun	6871 Jostedal	7
Jølster Sau og Geit	Ragnhild Sæle	6847 Vassenden	65
Kvamsøy Sau og Geit	Lars Halvard Ese	6899 Balestrand	6
Kyrjebø Sau og Geit	Leif Brekken	5962 Bjordal	18
Leikanger Sau og Geit	Marit Henjum Halsnes	6863 Leikanger	14
Luster Sau og Geit	Per Høyheim	6875 Høyheimsvik	13
Lærdal Sau og Geit	Hallvar Borlaug Haugen	6888 Steinklepp	53
Naustdal Sau og Geit	Odd Vonen	6817 Naustdal	36
Nordalsfjord Sau og Geit	Olav Myrhol	6723 Svelgen	15
Nordsida Sau og Geit	Øystein Kongsvik	6717 Flatraket	19
Oldedalen Sau og Geit	Rune Myklebust	6791 Oldedalen	28
Sande Sau og Geit	Osvald Solemslid	6973 Sande i Sfj.	15
Selje Sau og Geit	Mirjam Friberg	6750 Stadtlandet	28
Skjolden Sau og Geit	Øyvind Samnøy	6877 Fortun	11
Sogndal Sau og Geit	Lise Elvagjeng	6856 Sogndal	73
Solund Sau og Geit	Kjell Olav Steinsund	6924 Hardbakke	18
Stavøy Sau og Geit	Bjørnar Eikevik	6944 Stavang	13
Stryn Sau og Geit	Sonja Skåre Esperø	6798 Hjelledalen	64
Vetlefjord saualslag	Tor Sværen	6899 Balestrand	7
Vik Sau og Geit	Per Aase	6893 Vik i Sogn	39
Vikane Sau og Geit	Oddbjørn Reme	6793 Innvik	10
Viksdalen Sau og Geit	Aud Marit Hage	6978 Viksdalen	40
Årdal Sau og Geit	Erling Offerdal	6885 Årdalstangen	8

Helga Kvamsaas	6802 Førde	1

Tal lokallag	50
Medlemmar totalt	1192
Hovudmedlemmar	1118
Husstandsmedlemmar	59
Støttemedlemmar	8
Heidersmedlemmar lokallag	4
Heidersmedlemmar fylkeslag	2

Heidersmedlemmar:

Gunnstein Husdal	6887 Lærdal
Hans B. Hamre	6730 Davik
Arvid Sæther	6980 Askvoll
Arne Skeie	6893 Vik i Sogn

Heidersmedlemmar fylkeslag:
Asbjørn Alsaker

Korrigert 18.06.2010

Br.S Å&Ø
Åsen & Øvrelid as
Fjærevegen 9, 6800 Førde
Tlf. 57 72 38 50 | www.aasen-ovrelid.no

Fiskå Saueför - førstevalet i lammetida

Hemmelegheita bak suksessen Fiskå Saueför er at vi kombinerer eit høgt proteininnhald (AAT) med høgt innhald av smakelege, fiberrike råvarer som roesnittar og havre. Dette stabiliserer vommiljøet i ein kritisk fase for sauen, samtidig som ein held appetitten oppe. Dette gir det beste grunnlaget for høg lammetilvekst. Nytt i år er det at selen-innhaldet er auka. Saman med eit høgt innhald av E-vitamin førebyggjer dette jur- og børbetennelse etter lamming. Også Crina® bidreg til lik smak frå parti til parti. Resepten er stabil over tid.

Tilby dei yngste kopplamma Fiskå KalveStart som er basert på mais og soya. Til støtteføring av eldre lam på vårbeite tilrår vi fri tilgang av Fiskå Sau/Lam Appetitt. Dette er ekstra rikt på kvalitetsfiber.

Alle tre produkta leverast i 40 og 800 kg's sekkar samt i bulk.

Fiskå Mølle
Godt gjort er bedre enn godt sagt

4120 Tau, tlf: 51 74 33 00 • 5590 Etne, tlf: 53 77 13 77
4660 Kristiansand, tlf: 38 12 77 50
7100 Rissa, tlf: 73 85 90 60 • 2270 Flisa, tlf: 62 95 54 44

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT 26.-27. FEBRUAR 2010 Skei Hotell, Skei i Jølster

Åpning
Leiar Halvar Espeseth ønskte møtedeltakarane, gjester og føredragshaldarar velkomne. Erlend Apneseth spelte ein springar og ein halling som ei verdig opning av årsmøtet.

Program fredag 26.februar
1. Beitebruk, Utvikling, utfordringar, tap av lam på utmarksbeite ved FMLA, Helen Haaland og Liv Astrid Nordheim Kusslid.

Helen Haaland snakka om utvikling i tal beitedyr som er redusert frå 232 632 sau /lam i 2000 til 193464 i 2009.

- Utfordringar: Større , færre buskapar. Gjerdehald, større investeringar. Krav til tilsyn. Interessekonflikter. Tap av dyr. Attgroing.
- Tapstal. Gjennomsnitt for fylket i 2009 er 5,8%.
- Nasjonalt beiteprosjekt. 2007 – 2009
- Radiobjøller.
- Framtidsretta beitebruk. Må finne tapsårsaker, oppfølging av beitelag
- Organisert beitebruk. Sanking, tilsyn, midlar, S MIL, erstatning av dyr tapt på beite.

Liv Astrid snakka om tap av lam på utmarksbeite i Sogn og Fjordane. La fram statistikk på tapstal, og tapsårsaker frå Organisert beitebruk. Viste kart med fargar på kommunefordeling, der ho sa tapstala og årsaker bør brytast ned på beitelagsnivå og produsentnivå.

Særskilde utfordringar: Tap på grunn av flått, rev, ørn og gaupe aukar. Store tap av jerv i Sogn. Mange slit også med gjerdehald. Liv Astrid roste beitelaga som gjer ein god innsats gjennom diverse tiltak.

2. Mattilsynet si rolle i samband med beitebruk ved Terje Ramstad, Mattilsynet.

Terje Ramstad orienterte om:

- Lov om dyrevelferd (Ny 1/1-2010).
- Forskrift om velferd for sau.
- Regelverk og kommentarar.
- Lammetapprosjekt i region Hordaland og Sogn og Fjordane 2005 – 2007. Utplukk av buska par, sankelagsdata.
- Arbeid med tap på beite i 2010
- Infobrev til alle sauehaldarar i fylket
- Besøk i eit utvalg av besetningar

Han poengterte at kunnskap om snyltarbehandling kan bli betre. Viktige moment for gode resultat er:

- Lammesauer i rett hold før lamming for å kunne mjølke godt.
- Nok råmjølk og mjølk til lamma
- God fòring av sauer etter lamming
- Gode vårbeiter
- Livskraftige og store lam ved fjellsending
- Parasittbehandling, koksidiar
- Tilsyn

3. Rovdyrforvaltning, utvikling i utbetaling av erstatning ved Tom Idar Kvam.

Tom Vidar Kvam hadde fått i oppgåve å gå gjennom tala frå fylkesmannen. Det greidde han godt. Han orienterte om erstatning for rovvilttap for 2009 på heile 1,8 millionar, dette er ein stor auke. Påviste drap av: jerv 72, gaupe 19, ørn 9. Leikanger og Sogndalsområdet står for halve tapet.

SNO tok ut 11 jerv i Indre Sogn i 2009 (4 kvelper og 7 vaksne) etter stort press frå næringa.

Beitesesongen 2009 frå næringa si side. Sogn og Fjordane Sau og Geit. Orientering frå fylkeslaget v/ Tom Idar Kvam.

Handlingsplan rovvilt NSG. Orientering frå NSG v/Håvard Øyrehagen

Geit i vekst. Verdien av prosjektet for geitehaldarar. v/Leidulf Rygg Bogstad.

Vegen vidare etter prosjektperioden på 3 år, Ola Søgnesand.

Nytt frå Felleskjøpet ved Dag Arne Helle.

Helle snakka om sortiment og pris på saueför frå Felleskjøpet og nettsider.

Nytt frå Nortura ved Johannes Nedrebø.

Nedrebø snakka om marknadssituasjon, slaktekvalitet og kva som vert gjordt i Nortura for lam, villsau og kje. Omlegging av sauekontroll og rådgjevingsteneste. Sauetalet ser ut til å stabilisere seg , kanksje vi kan sjå ein liten auke. Viktig å profilere lammekjøttproduksjon som matproduksjon og at det framleis ligg mogelegheiter for å auke saueproduksjonen litt sjølv om konkurransen med andre kjøttslag er stor.

Nytt frå Tine ved Helga Kvamsås

Informasjon om geitemelkekvotar, geitemelkproduksjon og satsinga på osteproduksjon. Held fram satsinga på Snøfrisk både nasjonalt og internasjonalt. Eksportsatsinga held fram der vi har ein god auke, vonar å komme opp i mot 500 tonn Snøfrisk for perioden 2009 – 2011.
Snakka også ein del om avlsarbeidet på Geit.

Under middagen fredag kveld var det utdeling av premiar

- Eigar av beste bukk 2009: Erling og Anlaug Vanberg. Dette er beste bukken i landet.
- Eigar av beste vær 2009: Marit og Dagfinn Kvamme.
- Eigar av beste geit 2009: Lars og Annlaug Vanberg, minnepokal.

Laurdag 27.februar

Innspel til Jordbrukstingingane 2010
Eli Berge Ness gjekk gjennom Sogn og Fjordane Sau og Geit sine innspel til Jordbrukstinginganen 2010. Omtala punkt:

- Auka i tilskot til husdyr på utmarksbeite.
- At ein held fast på ordninga med målpris når det gjeld lammekjøtt.
- Styrking av investeringsordningane.
- Gjeninnføring av tilskot til påsettlam.

Framlegg frå Erling Offerdal om at auke i målprisen skal vere eit krav til tingingane. 15 av 26 støttar endringsforslaget, dette vart vedteke.

Lokallaga sin time:
Erling Offerdal, Årdal, nemnde jerven som vart skoten av Johan Berge i nødverge. Årsmøte bør ha ein uttale for å støtte Johan i denne saka som er ei prinsippsak. Han har handla i samsvar med nødvergeparagrafen. Kom også med forslag om at jervekontoen bør opprettast att for å dekke slike spesielle utgifter.

Fleire lag tok opp problem omkring gjerdeproblematikken:

Reidar Sandal, Breim, tok opp at gjerdehaldet rundt om er eit problem, dette må opp på dagsordenen med kurs, jus osv.

Tom Idar Kvam. Det vert jobba gjennom ei gruppe frå Luster, Sogndal, Stryn med korleis ein kan løyse problem med gjerdestrekningar mot utmark etc.

Terje Mork, Holmedal. Problemstilling omkring gjerdehald der nedlagde bruk ikkje vil halde gjerda sine. Det bør komme ei støtteordning for å opp gjerder som ligg nede og kan skade husdyr, stor kostnad for det som skal drive.

Jon Nummedal. Det vert jobba med problematikken rundt gjerdehald i beiteprosjektet i regi av Fylkesmannen.

Håkon Osland. Det må komme på plass ei ny gjerdelov att skal ein får orden på gjerdeproblematikken.

Rev og skotpremie. Det kom spørsmål om korleis ei finansierer skotpremie på rev. Fleire lag finansierer dette med støtte frå kommunen og pengar frå lokallag. Enkelte stader set beitelaga inn eit kronebeløp pr. heimsanka dyr til ein revekonto. Jan Kåre Ravnøy sa at Askvoll og Holmedal søker om hijakt i lag for 4 år om gongen.

Ull. Jølster orienterte om korleis dei organiserer ullsekkar.

Halvar Espeseth orienterte om heimesida til NSG.

Her har også fylkeslaga eigne sider til Årsmøtesaker**.**

Sakliste:
Tal røysteføre: 29 årsmøteutsendingar og fire styrerepresentantar, til saman 33.

Sak 1. *Val av leiar.* Halvar Espesth
Sak 2. *Val av 2 til å skrive under møteboka*
Elling Lillesvangstu og Erling Offerdal
Sak 3. *Godkjenning av innkalling og sakliste.*
Godkjent utan merknader.
Sak 4. *Årsmelding 2009*

- Årsmelding frå styret. Eli Berge Ness la fram årsmelding frå styret.

  Kommentarar til årsmeldinga: Under rovdyr vart det kommentert at Leikanger var ute gløymd. Styret fekk ros for eit framifrå godt ar beid og god årsmelding.

- Årsmelding i avlsutvalet for sau, Audun Nedrebø. Audun gjekk igjennom årsmeldinga til avlsutvalet. Orienterte om væreringane som no har 12 aktive ringar. I alt 199 ringmedlemmer og registrert 12097 sau i ringarbeidet. Det er dette året sett inn 250 prøveværer og 72 eliteværer. Kåringssjåa har gått godt, og lokallaga er flinke til å fylgje pålegg. Det er stilte 100 færre lam til kåring i 2009. Årsmeldinga vart godkjent

- Årsmelding frå gjetarhundnemnda , Jan Kåre Ravnøy. I 2009 har det vore arrangert 8 gjetarhundprøver. 4 i Stryn, 1 i Luster, 2 i Askvoll og 1 i Olden. Askvoll sau og geit arrangerte gjetarhundkurs i Kvammen i februar med 11 deltakarar. Det har blitt halde kurs for nybyrjarar og konkurransekurs i Markane. Totalt gjekk 151 hundar prøve i 2009. Sogn og Fjordane hadde 7 ekvipasjar under NM. Fylkesmeisterskapet vart arrangert i Askvoll. Fylkesmeister i 2009 vart Kurt Magne Fardal frå Gaupne med hunden Kez.

Årsmeldinga vart godkjent med merknad frå Tom Idar Kvam om at tal ekvipasjar under NM ikkje var 7 men 8, og at det var Sogndal sau og geit som stod for gjetarhundprøvar her. Merknad til Årsmeldinga for Sogn og Fjordane Sau og geit 2009:

- Styret fekk ros for eit framifrå godt arbeid og god årsmelding. Årsmeldinga samrøystes godkjent.

Jon Nummedal som representer Sogn og Fjordane Bondelag og seier dei jobbar for å fremje arbeidet i næringa.

Sak 5. *Rekneskap 2009*

Eigenkapital 1/1–09	kr	383 825.-
Renteinntekter	kr	5 449.-
Årsoverskot	kr	1 01 941.-

Kommentarar om at kr 40 000,- som er komme inn for mykje ved ein feil i frå fylkesmannen, er tilbakeført att. Dette er ikkje komme ut av rekneskapen dette året då feilen ikkje vart retta før etter revisjon av rekneskapen.

Rekneskap er revidert og samrøystes godkjend med merknad /kommentar om at ein har greidd å snu underskot til overskot. Ragnhild fekk ros for å ha god kustus på styret og at dei no har lært seg å bruke tala slik dei skal. Ellers fekk både rekneskapsførar og styret ros frå salen for godt arbeid i året som har gått.

Sak 6. *Godtgjersle til leiar, skrivar, og møtegodtgjersle*

Framlegg frå valnemda vart samrøystes godkjent:

Godtgjersle til leiar	kr	11000.-	uendra
Godtgjersle til sekretær,	kr	4000.-	uendra
Møtegodtgj. pr møte NY	kr	1000.-	pr møte
Telefon til leiar, uendra	kr	3000.-	uendra
Telefongodtgj. til sekretær	kr	1500,-	uendra

Sak 7. *Budsjett 2010*
Eit totalbudsjett:

Inntekter	kr 400.000.-
Utgifter	kr 406.000,-
Renteinntekter	kr 6000,-

Har lagt inn 20000 i posten for andre utgifter med tanke på jervesaka.

Budsjettet for 2010 vart godkjent utan merknader.

Sak 8. *Arbeidsplan Sogn og Fjordane Sau og Geit 2010*

- Styremøte 7.april
- Styremøte juni. Avlsutval og gjetarhundnemnd deltek.
- Markdag m tema alveld. Samarbeid landbruksrådgjeving, Selje Sau og geit, Nordsida sau og geit, SFSG. Slutt juni/start juli.
- Fjelldag. Jølster sau og geit er arrangør, samarbeid m. SFSG. Tur frå Jølster til Myklandsstølen. Slutt juli/ start august

- Fagtur nye småfehaldarar, synfaring driftsbygningar
- Geitedagar Geiranger 20.-22.august. Styremøte i samband med geitedagane.
- Klyppekurs august/september.
- Styremøte i samband med geitehelg på Jølster, november.
- Styremøte i samband med småfesamling i januar 2011
- Årsmøte i februar
- Beitebruksprosjekt. Samarbeid med Bonde- og Småbrukarlaget, Bondelaget, Fylkesmannen og Sau og geit.
- Oppfølging av lokallaga
- Vervekampanje.
- Landbruksmelding

Det vart kommentert under årsmøtet at leiarsamling ikkje er komme med i arbeidsplanen. Dette var ei utegløyming. Årsmøte fekk to framlegg til leiarsamling. Eine alternativet var felles samling med Møre og Romsdal 2. og 3. oktober i samband med at dei arrangerer NM i saueklipping. Alternativt 22.-24. oktober, då truleg med tur til Gol. Stort fleirtal for alternativ to, då den første helga også kolliderer med ettersanking og kåringar.

Det vart ellers nemnt at det kan bli betre kommunikasjon mellom nemnder og styret i SFSG når det gjeld arbeidsplanen. Ein del aktivitetar med gjetarhund kolliderer med kåringar. Svar til dette problemet er at det går å løyse med god planlegging.

Årsmøtet meinte det vart for store kostnader med å leggje styremøte til geitedagane.

Arbeidsplanen er grundig diskutert og samrøystes godkjend med dei merknader som kom inn.

Sak 9. *Jordbrukstingingar 2010*
Eli Berge Ness gjekk i gjennom Sogn og Fjordane Sau og Geit sine innspel til Jordbruksforh. 2010.

- Auka tilskot til husdyr. Det kom forslag frå Breim sau og geit. Det vart røysta på Breim sau og geit sitt forslag og styret sitt forslag.

Styret

Breim sau og geit

1-50	930	1200	930	1100
51-100	734	850	734	1100
101-200	270	Uendra	270	400
201-300	133	Uendra	133	140

Styret sitt framlegg vart ståande.

- Auka målpris med 2 kroner (teke inn som nytt framlegg frå Årdal sau og Geit)

Sak 10. *Uttaler frå årsmøtet*
Tom Idar Kvam og Erling Offerdal får fullmakt til å skrive ein uttale frå årsmøtet som støttar Johan Berge, og viser til nødvergeparagrafen som skal nyttast ved slike saker. Uttalen blir send til avisene og NRK Sogn og Fjordane.

Sak 11. *Val*
Kjell Mardal presenterte framlegget frå valnemnda og leia valet. Tillitsvalde i Sogn og Fjordane Sau og Geit for 2010. Totalt 33 stemmeføre.

Styret for 2010
- Halvar Espeseth, ny leiar. Attval (1år -2010) 27 røyster /6 blanke
- Leif Brekken, nestleiar. Attval for 1 år (2010) 24 røyster / 9 blanke
- Margaret Skåre (ikkje attval)
- Eva Høydal Ny (2 år), 29 røyster /4 blanke
- Tom Idar Kvam, styremedlem, ikkje på val
- Eli Berge Ness, styremedlem. Attval (2 år) 31 røyster /2 blanke

Varafolk.
Desse er valde for 1 år: 1) Lars Olav Vanberg, attval. 2) Anne Karin Dalsbotten, ny. 3) Olav Myrhol, attval. 4) Mirjam Friberg, ny.

Revisorar
Kjell K. Erikstad, attval - Inge Erikstad, attval

Vararevisor:
Øystein Årdal, attval. Jon Helge Sandal, attval.

Møteleiar 2011
Ingolf Folven. *Vara:* Rune Myklebust

Valnemd
Kjell Mardal ut etter 3 år. Kjell Mardal (på val) Brita Einemo Zwart, Noralf Høydal - ny medlem i valnemnda, Margaret Skåre.

Halvar Espeseth runda av årsmøtet og takka for

tilliten som vart vist ved å velje han til leiar for eit nytt år. Takka dei andre styret for godt arbeid i året som har godt. Margaret Skåre kunne ikkje være med på årsmøtet, men skal få overrekt eit minne ved seinare høve for godt arbeid i styret der ho har vore sidan 2003. Halvar ynskte Eva Høydal velkommen inn i styret og takka valnemnda for godt arbeid, og ikkje minst kasseraren Ragnhild Sæle for eit framifrå godt arbeid.

Referent:
Johannes Nedrebø
Til å skrive under møteboka:
Erling Offerdal og Elling Lillesvangstu

ALT FOR SAU OG GEIT

Reime islandshekk

- 160 x 215/315/420 (kan skjøtes)
- 8 – 10 dyr pr. meter boks
- 4 - 8 dyr kan fores samtidig pr. m.
- Solid utførelse i galvanisert stål
- endegavler i 15 mm vannfast finèr
- regulering av eteåpning med enkelt håndgrep når fornivået minker
- Kan tilpasses de fleste planløsninger

Kraftfôrstasjon til geit

- Individuell tildeling etter ytelse og hold
- Fôret tildeles jevnt fordelt gjennom hele døgnet
- God kontroll med dyras kraftfôropptak
- Meget arbeidsbesparende
- Kontrollert oppfôring i sinperioden og tiden før kjeeing

A-K pris 1 stasjon fra kr 72 500,-

Pris for stasjon nr 2 og 3:	45 400,-
Pris per halsbånd inkl halsbånd og ID-brikke:	185,-

Eks. Kraftfôrskrue, trykkluftkompressor, PC og montering. Aller priser er eks. mva

A-K maskiner

www.a-k.no

ÅRSMELDING FRÅ STYRET I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT 2010

Styret har vore samansett slik:

- Halvar Espeseth, Askrova, leiar
- Leif Brekken, Ikjefjord, nestleiar
- Eli Berge Ness, Viksdalen, skrivar
- Tom Idar Kvam, Hafslo, styremedlem og ansvar rovvilt
- Eva Høydal, Skjærli, Kvammen, styremedlem
- Lars Olav Vanberg, Kandalen, har vore første vara. Han har ikkje møtt fast, men har fått møteinnkallingar og anna informasjon som har gått til styret.

- Jon Hegdal og Asbjørn Alsaker er heidersmedlem i Sogn og Fjordane Sau og Geit.

- Erling Offerdal, Årdal sit i styret i NSG
- Leif Brekken er tredje vara til utmarksrådet i NSG
- Ola Søgnesand sit i fagrådet for geit for region Vest
- Helga Kvamsås sit i fagrådet for geit for TINE Meieriet Vest

- Jan Kåre Ravnøy, leiar gjetarhundnemnda og
- Audun Nedrebø, leiar avlsutval sau legg ned mykje og viktig arbeid for Sogn og Fjordane Sau og Geit. Audun Nedrebø er også leiar for avlsutvalet i region Vest, og gjennom det medlem i avlsrådet for sau.

- Ragnhild Sæle, Ålhus i Jølser, er kasserar
- Johannes Nedrebø, Nortura, skriv referat frå årsmøte og leiarsamling.
- Geit i Vekst v/Ola Søgnesand og
- TINE v/Helga Kvamsås er viktige støttespelarar for SFSG.

I tillegg har vi svært godt samarbeid med FMLA. Dei har mykje fokus på småfenæringa, og er gode støttespelarar i arbeidet med å få til positiv aktivitet og fagleg aktivitet i fylket.

Arbeid i styret

Styret har hatt 6 møte, og handsama 46 saker. Styret hadde møte i samband med småfesamlinga i regi av Nortura på Skei i januar. Det var godt oppmøte på samlinga, om lag 70 deltakarar. Det er tydeleg at småfehaldarane i fylket likar å treffast og diskutere fag.

Leiarsamling

Leiarsamlinga i år gjekk til Gol. Det var avreise frå Førde fredag, og retur søndag. Laurdagen vart brukt på å besøkje ulike gardsbruk for å sjå på driftsbygningar. Per Liahagen hadde på vegne av Buskerud Sau og Geit laga eit kjempeflott opplegg. Søndag morgon var det møte med nytt frå lokallaga, informasjon frå Tine, Geit i Vekst og Nortura. Utanom styret og innleiarar deltok det 11 representantar frå 10 lokallag.

Medlemstal

Tal medlemmar har gått ned med 40 siste året, og er no nede i 1.152.

Viktige hendingar 2010

Ny landbruksmelding

2010 var året då arbeidet med ny landbruksmelding kom i gong. Det er knytt mykje forventningar til meldinga, og mange enkeltpersonar og organisasjonar har lagt ned arbeid i å kome med gode innspel for å vere med å setje fokus på viktige område og utfordringar.

Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk heldt samrådingsmøte rundt om i landet, for å få folk i tale. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane inviterte SFSG til å delta på møtet i Bergen, og vi møtte med ein representant. SFSG hadde innlegg under møte, med fokus på landbruk i heile landet, mattryggleik, sjølvforsyning og bruk av utmark. Lars Erik Wallin, generalsekretær i NSG, kom med tilbakemelding om at det vart referert til dette innlegget då NSG hadde møte med departementet om meldinga. Ein ekstra takk til Fylkesmannen som inviterte oss med! Vi var det einaste av dei fire

aktuelle fylkeslaga som var representerte.

SFSG sende også innspel til meldinga både til NSG, bondelag, bonde- og småbrukarlag og departementet. Innspela vart lagde ut på hovudsida til NSG. Både Wallin og Ommundsen, styreleiar i NSG, har kome med tilbakemelding til fylkesstyret på at her var gjort svært godt arbeid. Takk til Jølster Sau og Geit og Stryn Sau og Geit som kom med innspel til meldinga.

No gjenstår det berre å vente på sjølve meldinga, og sjå signala for kva retning jordbruket skal gå i.

Beiteprosjektet Framtidsretta beitebruk
Etter at enkeltpersonar frå fleire lag hadde vore i kontakt med landbruksdirektør Christian Rekkedal om saker i samband med beitebruk, vart det skipa eit beiteprosjekt med namn Framtidsretta beitebruk. I dette prosjektet deltek FMLA, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag og SFSG. Leif Brekken er SFSG sin representant i gruppa.

Målet for gruppa er å kartleggje tapsårsaker i område med mykje tap, og ut frå dette setje inn tiltak som skal redusere tapa.

Dette er eit viktig prosjekt for næringa! Tapstala er for høge, når ein gjer prosentane om til dyr, blir det mange individ. Av dyreetiske prinsipp, av økonomiske omsyn for oss som driv med småfe, og for oppfatninga folk utanfor næringa har av det vi gjer, er dette ting vi må ta på alvor og prøve å gjere noko med.

Prosjektet er lagt ut på heimesida til SFSG under utmarksbeite.

Jervesak
I sommar var det rettssak i den før omtalte jervesaka. Til tross for at både forsvarar, aktor og dommar var einige om at jerven var skoten under direkte angrep på sau, vart skyttaren dømt. Grunngjevinga var at han heller burde prøvd andre tiltak, som å skremme vekk jerven.

Sidan han hadde gevær med, vart det antydd at dette var posteringsjakt. Dette til tross for at sakkunnig frå DN, som skal vere fremste fagperson på jerv i landet, verken gjennom eiga erfaring eller historiske kjelder hadde vore bort i at nokon tidlegare hadde klart å skyte jerv under direkte angrep på husdyr.

Konklusjonen må vere at for å nytte seg av nødvergjeretten, bør ein leggje att våpna heime.

Alvelddag
Nordsida Sau og Geit har teke initiativ til å arrangere ein alvelddag i området sitt. Dette vart eit felles prosjekt mellom Nordsida Sau og Geit, Selje Sau og Geit, Norsk Landbruksrådgjeving og SFSG. Fagdagen vart arrangert 27. juni. 30 personar møtte opp i Stadlandet grendahus for å høyre foredraga. Dei to fremste professorane innan alveldforsking, Olav Aas og Ivar Mysterud, heldt foredrag. Dei gjekk gjennom både historikk og kva teoriar ein arbeider med i dag. Dei representerte også to ulike syn innan forskniga, noko som var interessant. Det vart presisert at forsøk hadde vist at det er ikkje alltid slik at dyr som et romeplantar blir sjuke. Innleiarane var imponerte både over frammøte og interesse frå deltakarane.
Etter den faglege delen, hadde vi markvandring frå grendahuset og ned til lokala til Geir Ole Ervik, tidlegare leiar i SFSG som no driv med gardsmat. Vi var i eit område med mykje alveld, vi såg både romeplantar frå året før, og nye skot. Vi såg også kva som var typiske kjenneteikn for områdemed mykje rome og alveld.

Det var svært interessant og lærerikt å gå denne turen saman med to professorar i biologi og Astrid Sandvik. Vi fekk informasjon om viktige og mindre viktige beiteplanter i denne typen landskap, og kvifor det var slik. Det var stor aldersspreiing i gruppa som deltok, og det vart utveksla mykje erfaring og kunnskap. For underteikna var det ein lærerik dag.

Vi fekk servert stormsuppe i lokala til Ervik gardsmat, sjølvsagt med basis i eigenprodusert sauekjøtt. Det smakte godt. Dagen vart avslutta med demonstrasjon i bruk av gjetarhund.

Stor takk til arrangørar, og til Fylkesmannen som gjekk inn og støtta fagdagen slik at vi kunne gjennomføre den.

Fjelldag
Laurdag 14. august arrangerte Jølster Sau og Geit, Breim Sau og Geit og SFSG fjelltur frå Årdal i Jølster til Myklandsstøylen i Kandalen. Vi var 22 deltakarar, både frå Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Det var litt skodde på starten av dagen, men etter kvar skein det opp og vart ein strålande dag. Ole B. Årdal var turleiar og kjentmann, og fortalde mykje om området vi gjekk gjennom.

Etter ein flott tur kom vi ned på Myklandsstøylen i sekstida om kvelden. Her venta Paul Nygård frå Kandal Kjøt med grilla kjekjøt med tilbehør. Det smakte fortreffeleg etter ein lang dag til fjells. Det var godt å setje seg ned, og alle turdeltakarane kosa seg med god mat og godt prat i godt selskap.

Det er andre året SFSG er medarrangør på fjelldag saman med lokallag. Lærdal Sau og Geit har teke utfordringa og vil arrangere ein slik dag komande år.

Nasjonale geitedagar Geiranger
20.-22. august 2010 vart dei nasjonale geitedagane arrangerte i Geiranger. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane var arrangør. I tillegg til Aashild Melkeråen og Bjørn Harald Haugsvær frå FMLA, var arrangementskomiteen samansett av Margaret Skåre, SFSG, Helga Kvamsås, TINE vest, Ola Søgnesand, Geit i Vekst, Inger Johanne Tafjord, MRSG og Magnus Skjerdal, MRSG.

Det var tett program under geitedagane. Skal ein trekkje fram noko hovudpunkt, må det vere statssekretær Ola T. Heggem sitt innlegg om den nye landbrukmeldinga og geita sin plass der.

Arrangementskommiteen stilte også med songhefte med fleire songar spesiallaga til geitedagane. Dette gjorde sterkt inntrykk på mange, ikkje minst ein del av innleiarane.

Dette var eit svært vellukka arrangement, med gode tilbakemeldingar på opplegget frå deltakarane. Takk til dei som gjorde ein god innsats her.

Samling nye småfehaldarar
I samband med at Fylkeskommunen v/undervisningsavdelinga lyste ut midlar til tiltak til rekruttering, likestilling og kompetanseheving, valde SFSG å prøve å få til ei ny samling for nye småfehaldarar denne hausten. FMLA har etterlyst ny slik samling. Dette var også meint som ei oppfølging for dei som hadde vore i kontakt med prosjektet "Framtidsretta sauehald", sidan prosjektet vart nedlagt før prosjektperioden var over.

Samlinga vart arrangert på Skei 30. og 31. oktober. Fylkesmannen, Innovasjon, Geit i Vekst, Nortura og Mattilsynet stilte som innleiarar, og gjorde at dei nye fekk eit godt fagleg grunnlag i ein oppstarsfase.

Laurdag etter middag delte ein gruppa i to, og besøkte to driftsbygningar for sau og to for geit. Vi hadde 21 deltakarar på samling for nye småfehaldarar. Nokre var i ferd med å starte i det små, nokre var i ein oppstartfase og lurte på kva dei skulle satse på, og nokre hadde drive med sau ei stund og lurte på om dei skulle utvide og auke opp. Her var mykje nye ansikt, dette lovar godt for framtida for småfehaldet i fylket i framtida!

FMLA og SFSG stod som arrangør for samlinga. Vi fekk 42.000 i støtte til samlinga frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Det står att 20.000 i ubrukte midlar. Dei vil bli brukte til ei oppfølgingssamling komande år, med hovudvekt på besøk i driftsbygningar og økonomi. Dette ut frå ønskje som kom fram på evalueringsskjema etter første samling.

Fjøsskular
Vi har fått endå eit prosjekt retta inn mot småfenæringa i 2009. Helsetjenesten for sau har starta opp pilotprosjektet "Fjøsskoler i sauefjøset" etter modell frå Danmark. 14 veterinerer deltek på denne vidareutdanninga, m. a. Reidun Fattnes frå Førde. Dei skal få til fjøsgrupper i sine område.

Dette er ei form for røynsleutveksling og gruppe-rådgjeving. Ei gruppe bønder samlast hjå kvarandre for å utveksle erfaringar og kome fram til gode og

praktiske løysingar på utfordringar, og forbetringsområde den enkelte deltakar er oppteken av. Veterineren er med som koordinator, tilretteleggar, møteleiar og helsefagleg støttespelar. Deltakarane er vert etter tur. Veteriner set opp program for kvar samling i samarbeid med fjøsverten.

I Sogn og Fjordane prøver vi ut ein variant med litt lokale tilpasningar. Kvar deltakar betalar 100 kr. pr. samling, med unntak av fjøsverten den aktuelle gongen. Fjøsskulane blir arrangert i samarbeid med lokallag i SFSG. Lokallaget finn aktuelle deltakarar, og får 500 kr. for jobben.
Utprøvinga av prosjektet skal gjennomførast frå januar til mars 2011. Prosjektet blir evaluert i etterkant, og vidare satsing skal vurderast.

Jølster og Sogndal er plukka ut til å vere dei to laga som får vere med på dette i første runde.

Fagdagar sau Skei
Fagdagane på Skei i januar har vist seg å vere ein populær møteplass for sauehaldarar i fylket. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Nortura, FMLA, Norsk landbruksrådgjeving, Felleskjøpet og SFSG.

Beitesesongen 2010
Det ser ut til at det har vore mindre rovvilttap i fylket siste året. Område som siste åra har hatt problem med tap til freda rovvilt, har hatt den fredelegaste sesongen på lenge. Dette viser at uttak av skadedyr er ein effektiv måte å få ned tapa på i desse områda. Dette betyr på ingen måte at det er slutt på problema. Det er dokumentert tap av beitedyr drepne av freda rovvilt fleire stader. Tapa som skuldast ørn, er vanskelege å dokumentere. Vi veit det er gauper som er fast etablerte fleire stader i fylket. Det er observert jerv fleire stader i fylket, sjølv om ein ikkje har fått så dramatiske utslag av jerveangrep i år som vi har hatt siste åra. Vi hugsar også bjørnen som herja i Lærdal. Dette er problem som vi veit vil dukke opp på nytt.

Næringa i Lærdal skal ha stor ros for innsatsen dei gjorde då det vart registrert bjørnedrepe sau. Dette vart teke tak i med ein gong, og alt vart gjort heilt rett. Sjølv om bjørnen ikkje vart felt, førte likevel arbeidet som vart nedlagt til at bjørnen trekte raskt ut av området. Dei som tok ansvar her, har også sagt at dei vil stå til disposisjon om det oppstår liknande situasjonar i andre delar av fylket. Kjem ein i ein situasjon der ein ser at det må settast i verk tiltak så fort som mogeleg for å avgrense skadar og tap av dyr, vil dette vere ei god hjelp. Det er mykje som skal tenkjast på, og då kan det vere godt å kunne ta kontakt med nokon som har vore gjennom same problema og veit kva ein må tenkje på.

Men tala som ligg føre etter at dei som deltek i organisert beitebruk har sendt inn årsrapportar, er dyster lesnad. I enkelte kommunar har vi tap av lam på rundt 10 %. Dette er dramatiske tal for oss som dyreeigarar. Vi veit alle at enkelte år kan "alt" gå gale, og at ein får unormalt store tap på grunn av mange ulike og samansette problem. Men er det område som år etter år har så store tap, må ein setje inn tiltak for å finne ut kva som gjer det, og måtar å førebygge dette på. Dette arbeidet må heile næringa ta på alvor, og dette må vi samarbeide om.

Det er viktig å ha fokus på rovdyrproblematikk. Men for å nå fram og få forståing for dette problemet, må vi også ta tak i andre problemstillingar. Om ikkje, vil dette også bli brukt som argumentasjon i rovdyrdebatten, og vi vil få større problem med å føre ein god og truverdig debatt her.

SFSG vil oppfordre alle lag til å ta ein diskusjon om kva dei kan gjere for å redusere tapa i sitt lag!

I samband med dette vil vi også opplyse om at SFSG har vore med å støtta ein søknad frå Norges veterinerhøgskole, seksjon for småfeforsking i Sandnes, med ein uttale om auken i problem med flåttangrep på sau. I desember fekk vi tilbakemelding på at seksjonen er tildelt kr. 200.000 av Regionalt forskingsfond Vestlandet til flåttforsking på sau.

Represesentasjonar 2010:

- **Halvar Espeseth**

15.01	Styremøte SFSG, Skei
18.01	Framtidsretta Sauehald Rese
26.01	Samrådsmøte Bondelaga i Flora
25.02	Styremøte SFSG, Skei
26.-27.02	Årsmøte SFSG, Skei

27.02 Styremøte SFSG, Skei
17.03 Møte med Nordalsfjorden Sau og Geit
17.-18.03 Reprensentantskapsmøte NSG, Gardemoen
08.04 Styremøte SFSG, Rese
25.06 Møte i arbeidsgr. Geit i Vekst, Rese
27.06 Alvdag i Selje
08.07 Styremøte SFSG Skei
07.10 Møte i Styringsgruppa Geit i Vekst, Førde.
20.-21.10 Rep.skapsmøte i NSG, Gardem.
22.-24.10 Leiarsamling Gol
23.10 Styremøte SFSG Gol
18.11 Møte med Gjeterhundnemnda, Førde
26.-28.11 Geitehelg i Øystese
15.12 Styremøte SFSG, Rese
18.12 60 års markering, Jølster S&G

- **Eli Berge Ness**

15.01 Styremøte SFSG, Skei
15.-16. 01 Fagdagar sauehaldarar, Skei
25.02 Styremøte SFSG, Skei
26.-27.02 Årsmøte SFSG
05.03 Samrådingsmøte Lars Peder Brekk, ny landbruksm., Bergen
06.03 Årsmøte Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag
08.04 Styremøte SFSG, Førde
27.06 Fagdag alveld
08.07 Styremøte SFSG
14.08 Fjelltur, Årdal/Breim
20.-21.10 Representantskap NSG
22.-24.10 Leiarsamling SFSG
30.-31.10 Samling nye småfehaldarar

Eli har vore dommaraspirant hausten 10. Ho sit i fagutval småfe i Nortura.

- **Leif Brekken**

15. 01 Styremøte SFSG, Skei
15.-16.01 Fagdagar sauehaldarar, Skei
01.02 Styremøte avlsutvalet sau
18.02 Framtidsretta beitebruk
08.03 Styremøte SFSG, Førde
03.06 Årsmøte Sogn og Fjordane Landbruksselskap
08.06 Styremøte avlsutvalet sau
08.07 Styremøte SFSG
08.09 Samarbeidsrådet for Hordaland og Sogn og Fjordane
22.-24.10 Leiarsamling SFSG
17.11 Framtidsretta beitebruk
15.12 Styremøte SFSG, Førde

- **Tom Idar Kvam**

15.01 Styremøte SFSG, Skei
15.01 Fagdag, Skei
13.-14.02 Avlskonferanse, Gardermoen
25.02 Styremøte SFSG, Skei
26.-27.02 Årsmøte SFSG, Skei
23.03 Møte Sauekontroll/avl, Lærdal
08.04 Styremøte SFSG, Førde
20.05 Møte Handlingsplan Rovvilt, Gardermoen
26.05 Møte Kontaktutval Rovdyr, Sogndal
10.06 Møte FMLA og Sankelaga, Sogndal
08.07 Styremøte SFSG, Førde
02.09 Rovviltseminar, Bergen
28.10 Bondekafé Rovvilt, Selje sau og geit, Stadlandet
10.11 Oppsumeringsmøte Beitelaga/ Fellingslaget, Sogndal
24.11 Kontaktutval Rovvilt + Mattilsyn, Sogndal
15.12 Styremøte SFSG, Førde
17.12 Rovviltdemonstrasjon, Oslo

Kåringsdommar sau.

- **Eva Høydal**

26.-27.02 Årsmøte SFSG, Skei
08.04 Styremøte SFSG, Førde
08.07 Styremøte SFSG
19.-21.08 Geitedagane i Geiranger
22.-24.10 Leiarsamling SFSG
15.12 Styremøte SFSG, Førde

- **Lars Olav Vanberg**

15.01 Styremøte i S&F sau og geit
15.-16.01 Fagdag sau i Nortura, Skei
25.02 Styremøte i S&F sau og geit, Skei
26.-27.02 Årsmøte i S&F sau og geit, Skei
14.08 Fjelldag , Årdal/Kandal
19.-21.08 Geitadaga, Geiranger
22.-24.10 Leiarsamling S&F sau og geit
30.-31.10 Samling for nye småfehaldarar, Skei

Er kåringsdommar på sau og geit.

Totalleverandør av skinn

www.granberggarveri.no

INNSPEL TIL JORDBRUKS-TINGINGANE 2011

Sogn og Fjordane Sau og Geit vil prioritere desse områda under jordbrukstingingane 2010:

Auke i tilskot til husdyr, sau og ammegeit

1-50	I dag 930	Ny 1.200
51-100	I dag 734	Ny 850
101-201	I dag 270	Uendra
201-300	I dag 133	Uendra

Tilskotet skal også utbetalast til produksjonsdyr under eitt år.

Sogn og Fjordane Sau og Geit meiner det skal haldast fast på at taket på utbetaling til husdyr ligg på 300 dyr

Auke i tilskot til dyr på utmarksbeite
Auke for sau, lam, geit og kje frå 95 kr til 150 kr

Endring i satsar for arealtilskot i sone 5:
Grovfor:

	I dag	Ny	
0-200 dekar	208 kr	0-99 dekar	270 kr
Over 200 dekar	75 kr	100-199	200 kr
		Over 200	75 kr

GENERELL DEL
Dette er første jordbrukstingingane etter at Soria Moria II vart lagt fram. I dette dokumentet heiter det: *"Regjeringen vil sikre et landbruk med en variert bruksstruktur over hele landet gjennom en klar distriktsprofil, og videreføre styrkingen av det grasbaserte husdyrholdet"*.

Dette er viktige signal, både til Vestlandsjordbruket og til småfehaldarar. Vi håpar å sjå sjå resultat av det som er sagt. Jordbruksavtalen skal vere ein politisk reiskap for at det skal vere mogeleg å drive jordbruk i heile landet. Inntekta frå landbruk skal gjere at gardsdrift er eit aktuelt og interessant alternativ for nye generasjonar. Øystein Dale i World Watch Institute seier at i famtida er produksjon av mat det desidert viktigaste ein kan drive med, og at kjøtproduksjon bør byggje på ressursar som ikkje kan nyttast som menneskeføde.

Utviklinga for Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har ikkje vore positiv siste åra. Frå 1995 til 2008 er det lagt ned 25. 894 gardsbruk i desse tre fylka. Dette utgjer ei avvikling på 36 %. Dette er fylke med mange og små einingar, og på mange gardane er det arbeidskrevjande å utnytte ressursgunnlaget. Mange av desse bruka har vore familiebruk og kombinasjonsbruk, der ein har utnytta ressursane ein har tilgong til best mogeleg.Frå 1989 –2008 har det fulldyrka arealet i desse tre fylka blitt redusert med 144 800 dekar, ein nedgong på 13 %.

All statistikk viser at ein at stadig større del av overføringane gjennom jordbruksavtalen går til sentrale austlandsområde, Trøndelag og Jæren. Til store og lettdrivne einingar som har gode til akseptable inntekter av produksjonen dei har. Samstundes har overføringane til vestlandsfylka utvikla seg i negativ retning. Dette er ikkje rett.

Eit argument ein ofte høyrer, er at ein må satse på større einingar. Dette vil føre til at berre dei mest lettstelte delane av fylket, der ein kan kome til med store landbruksmaskiner, vil bli drivne. Dette vil gjere at ein får eit anna landbruk på Vestlandet, og at særpreget med velstelte bygder, små gardar med kulturlandskap vil endre seg, og mykje av dette vil bli borte. Frå at landbruket i dag er ein stor, viktig og naturleg del av bygdesamfunnet, vil ein gå mot ei utvikling der det berre vil vere eit fåtal som driv gard på heiltid.. Dette vil forsterke trendar ein ser alt no med at mange opplever bondeyrket som ei einsam næring.

I 2009 var det ein milliard menneske som svalt i verda. FN seier at alle land bør ha som mål å vere sjølvforsynte med mat. Det grasbaserte husdyrhaldet som tradisjonelt har stått sterkt på Vestlandet, må vere noko av det som blir sentralt i landbrukspolitikken dei neste fire åra, jfr. Soria Moria II. Jfr. Yngve Rekdal skog og landskap blir det hausta verdiar for ein milliard ved beiting i utmark.

Dette er verdiar som ellers ikkje ville bli nytta. SFSG reknar med å sjå att det som er nedfelt i Soria Moria gjennom solid styrking av næring som på ein bærekraftig måte haustar ressursar i utmarka, i staden for å konkurrere om korn som kan brukast til menneskeføde.

Husdyrtilskot:
For å følje opp distriktsprofilen i Soria Moria II, og vidareføre styrkinga av det grasbaserte husdyrhaldet, bør husdyrtilskotet aukast. Auken skal leggast til dei første satsane.

Målsetjing:
Satsane for husdyrtilskot til sau, lam, ammegeit og kje bør aukast slik:

1-50	Frå 930 i dag til 1.000
51-100	Frå 734 i dag til 750
101-200	270 (uendra)
201-300	133 (uendra)

Tilskotet skal også utbetalast til produksjonsdyr under eitt år.

Sogn og Fjordane Sau og Geit menier det skal

haldast fast på at taket på utbetaling til husdyr ligg på 300 dyr. Dette er rett, med tanke på å få til best mogeleg fordeling av midlane ut frå struktuomsyn.

Produksjonstilskot etter areal i sone 5
Dette er eit område der ein kan vere med på ei strukturendring som kan slå positivt ut for dei tre fylka prega av nedgong, samstundes som ein kan styrke det grovforbaserte husdyrhaldet.

Ein bør innføre eit nytt intervall, slik at ein betalar ut 270 kr pr. dekar for dei første hundre dekara,

BEHOV FOR NYE OG DRIFTSSIKRE LANDBRUKSMASKINER ?
Snakk med oss om finansiering

Aurland Sparebank
Banken til beste for bygda
Postboks 13
5741 Aurland
Telefon 57632600
Telefaks 57632601
post@aurlandsparebank.no
www.aurlandsparebank.no

200 for dei neste hundre, og 75 for det som er over 200 dekar

Målsetjing:
Satsane for arealtilskot i sone 5 bør endrast slik:
Grovfor:

I dag		Ny	
0-200 dekar	208 kr	0- 99 dekar	270 kr
Over 200 dekar	75 kr	100-199	200 kr
		Over 200	75 kr

Investeringsverkemidlar:
Dårleg inntekt i småfenæringa gjennom fleire tiår har ført til at det er stor trong for modernisering av eldre anlegg og bygningar.

Her i fylket ser ein no optimisme og satsingsvilje i småfenæringa. Gjennom prosjektet "Geit i vekst har mange geitebønder i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fått råd og rettleiing med tanke på ombygging eller nybygg av driftsbygningar. For mange blir dette eit naturleg steg å ta i samband med at dei melder seg på saneringsprosjektet "Friskare geiter", som er eit najonalt prioritert prosjekt.

Også i sauenæringa er det fleire som utvidar eller bygger nytt i samband med at ein overtek bruk. For mange er ei oppgradering av bygningane ein viktig føresetnad for å halde fram drifta og kanskje utvide.

Tilskotsprosenten til dei som skal byggje, må aukast. Samstundes må rammene for etableringstilskot for dei som ønskjer å bygge driftsbygningar for småfe, aukast, slik at ikkje ein auke i tilskotprosenten gjer at færre får tilskot.

Ein bør arbeide for å lage betre og meir langsiktige rammevilkår for dei som ønskjer å satse. Det bør setjast av pengar i fond til dette formålet.

Målsetjing:
- Styrke tilskot til investeringar til opprusting av gamle bygningar og til nybygg.
- Ha meir langsiktige ordningar som gjev tryggare rammevilkår for dei som ønskjer å satse.

SAU OG LAM
I lokalavisa Firda kunne ein laurdag 19.12.09 lese at 2008 var eit godt år for sauebøndene på Vestlandet. Inntektene hadde auka med 58 % samanlikna med året før. Dette gav ei inntekt på 144 400 kr. pr. årsverk. Til samanlikning var snittintekta for dei som kombinerte mjølkeproduksjon og gris 250 600 kr.

Utmarkstillegg
Her i fylket har drifta vore knytt til små einingar, noko som gjer at ein har lang erfaring med utnytting av utmarksressursar. I eit land der 95 % av arealet er utmark, er dette ein viktig måte å utnytte ressursar på. Kvaliteten på slakta frå fylket viser også at dette er beiteområde det vil vere ille å ikkje nytte.

Reduksjon i tal på bønder med dyr på utmarksbeite, i kombinasjon med auke i tal rovdyr, gjer at dette er i ferd med å bli ei driftsform som krev stadig meir arbeid frå dyrehaldarane. Sogn og Fjordane er eit godt fylke for rovdyr. Her er store fjellområde der det kan vere vanskelegare å ta seg fram for folk, i alle fall med tanke på å registrere rovvilt

I Sogn og Fjordane har utbetalingane for husdyr som dokumentert er tekne av freda rovvilt auka med 50 % siste året, til tross for at heile fylket vårt er i rovviltsone 1, der det ikkje skal vere rovvilt. Her i fylket skal beitedyr prioriterast, heiter det i forvaltningsplanen. Mange legg ned mange ekstra timar arbeid med tilsyn som resultat av at dei som har vedteke forvalningsplanane for rovvilt ikkje oppfyller ansvaret sitt når det gjeld uttak i område som er vedtekne skal vere fri for rovvilt.

Arbeidet dyra gjer med å halde turvegar i fjellet opne og hindre attgroing, bør godtgjerast.

Målsetjing:
- Tilskot til husduyr på utmarksbeite skal aukast til kr 150 pr dyr.

Vidareutvikling av radiobjøller, og utbygging av nettverk som gjer at dei kan nyttast i heile landet.

Dette er viktig teknologi som kan vere av stor nytte for landbruket. Det er fleire moment som talar for at dette er eit område som bør prioriterast. Beitebruksprosjektet i regi av SLF har gjort fleire erfaringar som talar for auka bruk av radiobjøller.

- Det er lettare å ha oversikt over kvar dyra oppheld seg. Slik får ein også betre kunnskap om beiteområda.
- Når ein veit kvar dyra er, får ein meir effektivt tilsyn. Ein treng ikkje bruke mykje tid i område der det ikkje oppheld seg dyr.
- Eigar blir varsla om dyr held seg unormalt lenge i ro på same plass. Ein kan då gå ut og sjå til det enkelte dyret.
- Ein kan sjå på oppførselen til dyra om dei blir skremde, og ta ekstra tilsynsturar om ein trur det er rovdyr på ferde i flokken. Dette har ei dyreetisk side. I Hedmark hadde dei avliva mange lam som låg skadde etter ulveangrep. Utan slik varsling, kunne dyra blitt liggande og pinast.
- At ein raskare kan finne skadde og døde dyr, gjev dokumentasjon av tapsårsaker. Dette gjer det i neste runde lettare å setje inn tiltak for å redusere tap.
- Det lettar sankinga. Etter hovudsanking er det lettare å peile inn enkeltdyr, slik at ein kan ha meir målretta ettersanking.

Målsetjing:
Tilskot til vidare utvikling av radiobjølle. Forbetring av teknologi og lågare stykkpris.

Erstatning/omstillingar i område med rovdyr
At ein i dag har område der bønder må slutte med husdyr, er ei statleg styrt utvikling. Kostnadane med dette bør ikkje gå av midlar som skal vere med å styrkje landbruket.

Målsetjing:
Kostnad til erstatning og omstilling i område med rovvilt skal dekkast over budsjettet til miljøverdnepartementet. Dei sit med forvaltningsansvaret. Gjeldande retningsliner for slike utbetalingar skal likevel følgast.

Auka målpris
SFSG går inn for å auke målprisen med to kroner.

Gjeninnføring av tilskot til påsettlam
SFSG ønskjer gjeninnføring av tilskot til påsettlam. Auka tal rovdyr, meir problem med flått og sjukdomsproblematikk knytt til m.a. fotrote gjer at ein ii mange buskapar må setje inn fleire nye produksjonsdyr pr. sesong. I tillegg til andre økonomiske utfordringar knytt til dette er det urimeleg at det ikkje blir betalt tilskot til desse dyra.

Målsetjing: Tilskot til produksjonsdyr under eit år (livlam) skal gjeninnførast

Grunntilskot til lam over 23 kg
SFSG ser ingen rimeleg grunn til at det skal vere reduksjon i grunntilskotet til lam over 23 kg. (Dette handlar i stor grad om førsteklasses lam som blir leverte rett frå fjellbeite.)

Målsetjing:
Same grunntilskot på lam over 23 kg som lam under 23 kg.

NY LANDBRUKSMELDING 2011

Innspel til ny landbruksmelding frå Sogn og Fjordane Sau og Geit.

Hovudmålet med den nye meldinga må vere at arealressursane i landet blir nytta til matproduksjon. For å oppnå dette, må det tilførast meir midlar slik at inntekta i jordbruket gjenspeglar at staten ser det som ei viktig oppgåve å halde på sjølvforsyningsgraden av mat. Dette vil gje ny optimisme i landbruket.

Den nye landbruksmeldinga er eit viktig strategidokument som vil vere retningsgjevande for norsk landbruk framover. Skal meldinga bli eit godt styringsredskap, må den innehalde klare mål for norsk landbruk, og tydelege verkemidlar for å nå måla. Det er mange som har store forventningar til meldinga. Regjeringa må bruke meldinga til å syne at den tek den globale matsituasjonen på alvor, og for å vise at den verkeleg ønskjer å oppretthalde matproduksjonen i heile landet.

Næringa har blitt utfordra på å tenkje over korleis ein kan omfordele midlar for å få ei ønskt utvikling innan norsk landbruk. Det er ikkje mogeleg å få optimisme og satsingsvilje i landbruket utan at det blir tilført nye midlar. Det er ingen som dyrkar jord og produserer mat som tener urimeleg godt.

Det næraste ein kan kome til omfordeling, er at ein må vere tydeleg på at midlar som er framforhandla og sette inn for å styrke og auke innteninga i landbruket, faktisk kjem bøndene til gode. Døme her kan vere målprisen som ligg i jordbruksavtala, som eigentleg er fiktive midlar. Eit anna døme kan vere midlar til omstillingar i landbruket. Desse går i stor grad til å betale folk for å slutte med dyr/utmarksbeiting i område med store rovviltproblem. Dette er ei styrt utvikling, og resultat av statleg forvaltning gjennom miljøverndepartementet. Dette er då midlar som bør gå over andre postar enn landbruk då målet her ikkje i første rekkje er å styrke landbruket.

Meldinga må ha som mål å styrke norsk matproduksjon med basis i våre arealressursar. Landbruksproduksjon skal skje på ein etisk måte, der dyrevelferd og miljøomsyn skal ha høg prioritet. Dette kan berre skje gjennom tilføring av nye midlar.

Utvikling på Vestlandet

Siste åra har både tal bruk i fylket og inntektsutviklinga vore negativ. Mange meiner Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland må inn i ei ny sone i ny landbruksmelding. Vi har tru på at departementet, Statens Landbruksforvaltning og Fylkesmennene har den kunnskapen som trengst for å sjå kvar ein treng ekstra tiltak til jordbruket. Ei ny melding bør ta omsyn til at ein i periodar styrker område der det trengst ekstra stimulering. Dei økonomiske råmevilkåra skal gje bonden eit vederlag for arbeid og kapital som er på linje med andre grupper i samfunnet. Det er betre å fokusere på generell inntekstvekst enn å diskutere soneinndeling.

Den nye meldinga må synleggjere det som står Soria Moria II om at ***"Regjeringen vil sikre et landbruk over hele landet gjennom ein klar distriktsprofil, og vidareføre styrkingen av det grasbaserte husdyrholdet."*** *Dei grovforbaserte produksjonane er berebjelken i distriktsjordbruket, og må prioriterast.*

Legitimiteten til norsk landbruk

Styrken til det tradisjonelle Vestlandsjordbruket er at ein får velstelte bygder med kulturlandskap. Dette er eit arbeid som blir utført av bønder gjennom aktiv beiting med husdyr, og eit arbeid ein må få betalt for å utføre. Mykje av legitimiteten til norsk landbruk og støtta også folk utanfor jordbruket gjev til norsk landbruk og auka inntekter til bøndene, byggjer på dette. At forbrukarar meiner ein skal prioritere norsk mat, heng saman med at ein veit ein kan stole på at norsk mat er produsert på ein etisk måte av sunne, friske dyr som ein gjerne vil sjå på beite. Dette var grunnlaget for å starte med opphavsmerking, som vart ein suksess.

Beiting og landskapspleie er ein viktig grunn til at

fjordane våre er karakteriserte som eit av dei vakraste reisemåla i verda. NHO reiseliv har åtvarar sterkt mot den veksande attgroinga i landet. Det særprega landskapet du får i område med organisert beiting gjer inntrykk på menneske som lever i ein urban kvardag.

Landskapspleie gjennom beiting er ein viktig del av arbeidet som blir gjort i landbruket. Dette har stor verdi for storsamfunnet, og for andre næringar. Bønder skal ha betalt for arbeidet dei gjer ved å ha beitedyr.

Ressursutnytting

I ei verd der det er meir enn ein milliard menneske som svelt, er det viktig at ein i alle land gjer seg nytte av dei ressursane ein har rundt seg.

• Myrdyrking. Mange er opptekne av at dette er eit forbod som eigentleg ikkje har noko føre seg. Det byggjer på sviktande vitskapleg grunngjeving. På Vestlandet er det mykje myrjord som kan dyrkast og opparbeidast til matjord.

• Verning må gjerast med fornuft. Det skal ikkje vere til hinder for at ein nyttar ressursane som ligg i verneområde på ein fornuftig og bærekraftig måte. Ein har etter kvart ein del eksempel der verning har ført til at området som vart verna har endra seg så mykje når tradisjonell aktivitet vart stoppa på grunn av vern, at verneverdien vart borte. Det vil vere ein fordel for alle om ein styrkar desse områda gjennom til dømes beiting, og det må tilførast friske midlar for å stelle områda slik at ein held oppe verdien av dei. Dette er også kulturlandskap, og om ein ikkje steller dei, er verdien av dei tapt for alltid.

• Jordvern. Utviklinga siste tida har vore at til tross for at ein vil styrke jordvernet, blir mykje matjord brukt til bustader, industriområde og vegar. Ein bør arbeide for å stimulere til forbetring av matjord gjennom innføring av tilskot til dyrking, kalking, grøfting med meir.

All forvaltinging skal ta omsyn til tradisjonell bruk av område. Ein må ha så godt fagleg grunnlag for endringar av bruk at ikkje grunneigarar og andre opplever at forvaltinga forringar eller øydelegg område og kulturlandskap.

Utmark

Retten til bruk av utmark er viktig for småfenæringa. I eit land der 95 % av arealet er utmark, kan det over tid føre til alvorlege endringar av ressursgrunnlag og rettar om vi gløymer denne biten. Bruk av utmark til beiting gjer at vi haustar ressursar til matproduksjon som elles ikkje vil bli nytta. Dette bør vere eit viktig argument i diskusjonane om sjølvforsyning og ressursutnytting i ein global samanheng, der talet på dei som svelt er stadig veksande

Utmarka i Norge er beste sauebeita i heile verda. I 2008 var lamma frå Sogn og Fjordane dei beste i landet, resultatet i 2009 var også svært bra.

I alle tilfelle der ein snakkar om tillit til norsk mat, blir sau på beite brukt som illustrasjonsbilde. Dyr på beite seier mykje om korleis forbrukarane ønskjer at norsk mat skal produserast, sunne dyr i flotte omgjevnader. Mykje av legitimiteten til norsk jordbruk byggjer på slike driftsformer.

Bruk av utmarksbeite er meir dyreetisk forsvarleg enn å ha dyra gåande rundt driftsbygningane på mindre areal. Då må ein ha anna foringsopplegg, og ein må ha meir førebyggande behandling av m.a. snyltarar. Dette fører til mykje større medisinbruk. Utfordringane her blir også større til større buskapar ein har

For å følgje opp lover og forskrifter, og for å drive eit forsvarleg dyrehald, er det mykje arbeid å ha dyr på beite, særleg på utmarksbeite.

Rovviltutviklinga er ein trussel for for utmarksbeiting. Ein har fått forvaltingsplanar for freda rovvilt. Som beitebrukarar skal vi forhalde oss til desse planane. Sogn og Fjordane er i rovviltsone ein. Det vil seie at i denne sona skal det ikkje vere ynglande rovvilt, og beitedyr skal prioriterast. Likevel er ein i år igjen i den situasjonen at Mattilsynet i Indre Sogn går ut og varslar beitenekt i store delar av Sogn. Ein kan ikkje godta ei forvaltning der dei som sit med forvaltningsansvaret ikkje gjer

arbeidet sitt også når det gjeld å ta ut skadedyr i område der det er vedteke at dei ikkje skal vere.

Vidare bør det vere sjølvsagt at alt ekstra arbeid, alle ekstra utgifter og kostnader og redusert inntekt på grunn av dårlegare resultat som følgje av auke i tal rovdyr skal dekkjast av andre enn næringa. Dette skal ikkje gå av midlar som er avsette til landbruk, dette er kostander som skal liggje under miljøvern.

Det er viktig å setje fokus på bruk av utmark i den nye meldinga. I ein situasjon med stadig knappare ressursar på verdsbasis, må ein premiere bruk av ressursar til matprodusjon som elles ikkje vil bli nytta. Ein må også sikre at dette er ressursar som kan nyttast også i framtida.

Investeringar
Økonomien i småfehaldet er slik at at det er vanskeleg å gjere store investeringar, til dømes i bygningar. Det må leggast til rette for betre investeringsordningar.

Rekruttering
Betre økonomi og betre ordningar for investering for dei som overtek bruk er viktigaste momenta for å rekruttere nye småfehaldarar. Styrking av ordningar for ferie og fritid er også viktig for mange.

Importvern
Regjeringa har som mål å ha landbruk i heile landet. Dette, saman med regelverk som skal sikre ein etisk og trygg matprodusjon, gjer at ein er avhengige av importvern for å vere konkurransedyktige på pris.



- erfaring - kunnskap - fleksibilitet - kvalitet - utvalg -

-kompetanse

Ser du etter den rette løsningen?

Les mer på www.fjossystemer.no -> sau

Våre fagkonsulenter skreddersyr løsninger tilpasset ditt behov!
-ta kontakt for prosjektering og tilbud

FJØSSYSTEMER

Øst	Sør	Vest	Nordvest	Midt	BYGG
2634 Fåvang	3174 Revetal	4365 Nærbø	6770 Nordfjordeid	7473 Trondheim	2634 Fåvang
Tlf: 61 28 35 00	Tlf: 33 30 69 61	Tlf: 51 43 39 60	Tlf. 57 86 25 05	Tlf. 72 89 41 00	Tlf: 61 28 35 00
ost@fjossystemer.no	sor@fjossystemer.no	vest@fjossystemer.no	nordvest@fjossystemer.no	midt@fjossystemer.no	bygg@fjossystemer.no

SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT
REKNESKAP FOR 2010

Inntekter:	Rekneskap 2009	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Budsjett 2011
Medlemspengar	230 100	230 000	223 840	223 000
Tilskot/inntekt avlsutval sau	129 406	120 000	158 260	125 000
Inntekter gjetarhund			12 300	10 000
Annonseinntekter årsmelding	13 900	15 000	8 700	15 000
Sal rovviltplakat	24 875	5 000	1 625	
Tilskot frå Fylkesmannen	40 000	30 000	10 000	50 000
Tilskot frå Statens Landbruksforvaltning			11 200	
Tilskot frå Fylkeskommunen			21 028	
Fylkesmannen freda rovdyr	50 000			
Andre inntekter	400			
Sum driftsinntekter	**488 681**	**400 000**	**446 953**	423 000
Utgifter				
Leiargodtgjersle	11 000	11 000	11 000	11 000
Telefongodtgjersle leiar	3 000	3 000	3 000	3 000
Skrivargodtgjersle/telf.	5 500	5 500	5 500	5 500
Årsmøte	25 495	25 000	23 585	25 000
Årsmelding	36 550	10 000	12 341	12 000
Leiarmøte	12 149	15 000	17 256	15 000
Andre møter	14 798	15 000	13 305	15 000
Reiseutgifter/diett-/møtegodtgjersle	93 240	120 000	109 676	115 000
Porto/kopiering/telefon	3 554	4 000	1 634	3 000
Godtgjersle webansvarleg			3 000	4000
Godtgjersle kasserar	7 600	12 000	12 000	12 000
Arbeidsgjevaravgift	4 621	5 000	5 660	6 000
Utgifter avlsutval sau	115 664	120 000	135 887	125 000
Gjetarhund	13 169	14 000	28 103	20 000
Gåvepremiar/helsingar mm	1 682	1 500		1 500
Tilbakeført tilskot , fylkesmannen			40 000	
Utgifter Prosjekt Geit i Vekst		10 000	5 000	5 000
Utgifter til Framtidsretta Sauehald	20 000	5 000	4 915	
Drifttilskot BSF	2 430			
Markdag i Selje			14 921	
Samling nye småfehaldarar			16 826	20 000
"Fjøsskule"			1 241	10 000
Støtte til dv tiltak		10 000	21 800	10 000
Rovviltplakat	17 500			
Andre utgifter	4 237	20 000	3 026	11 000
Sum driftsutgifter	**392 189**	**406 000**	**489 676**	429 000
Renteinntekter	5 449	6 000	5 994	6 000
Renteutgifter				
Årsunderskot/Årsoverskot	101 941		**(36 729)**	**0**

BALANSE PR. 31.12.2010		
Spb. Sogn og Fj. 3703 20 15213	25 381	
Spb. Sogn og Fj. 3703 61 15409	298 170	
Spb. Sogn og Fj. 3705 05 09836	21 800	
Spb. Sogn og Fj. 3705.18.24831 (Fond)	29 249	
Utestående krav	22 828	
Øreavrunding	(1)	
Sum eige		397 427
Skuld pr. 31.12.2010	50 332	
Eigenkapital	347 095	
Sum gjeld og eigenkapital		397 427
Balanse pr. 31. desember 2010		-36 729

Ålhus 29. januar 2011

Ragnhild Sæle	*Halvar Espeseth*	*Kjell K. Erikstad*	*Inge Erikstad*
Kasserar	*Leiar*	*Revisor*	*Revisor*

Breivik kalk

Jorda på våre kantar er mange stader framleis svært sur. I sur jord er aktiviteten liten og gjødselverknaden dårleg - slik jord må tilførast kalk !

Breivik kalk er ei rein kalktype av høg kvalitet med ideell grovleik for spreiing og opptak i jorda.

CaO : 54 %
Kalkverdi : 43/51
Tørrstoff : 99,8 %

Breivik kalk får du levert i :
BULK - STORSEKK - 40 KG's SEKK - 25 KG's SEKK direkte på tunet, eller du kan hente hos forhandlar eller på kai. Vi har også svart kalk i 40 kg's sekk på pall.

Vend dykk til oss på tlf. : 70 02 80 34 for informasjon om våre tilbod og om kven som er vår forhandlar eller kontaktperson i ditt nærområde.

Breivik Kalkverk As
N-6084 Larsnes
Telefon: 70 02 80 34
Telefax: 70 02 84 40
bkalk@online.no

REFERAT LEIARMØTE FOR SAU OG GEIT
22. – 24. oktober 2010
Per`s Hotell Gol
Tal deltakarar: 21

Fredag 22. oktober
Vi reiste med felles buss som Halvar hadde leigd inn. Det vart stopp i Aurland på jord og hagebruksskulen. Her fekk vi orientering om kva dei driv med her og planane om geitesenter. Vi fekk servert økologisk mat på skulen. Turen gjekk vidare over fjellet til Gol der vi budde på Per`s hotell. Johannes Nedrebø orienterte om aktuelt frå Nortura på bussen. Her var vi innom marknadssituasjonen, slaktesesongen på Førdeanlegget og andre aktuelle saker frå Nortura. Fredagskvelden var vi samla til ei orientering på hotellet med Per Liahagen som fortalde om Gol, erfaringar omkring radiobjølla og opplegget for laurdagen.

Laurdag 23. oktober
Laurdagen var sett av til slakteribesøk og gardsbesøk:

- Vi starta dagen med besøk på Nortura Gol der vi fekk orientering om klipperiggen v/fabrikksjef Ingrid Hillestad Medhus.
- Aslak Geir Skurdal, Skurdalen som hadde 250 vinterfora sau i Kaldthus m/islandskasser og kompositgolv.
- Robert Søndrol, Hol som hadde 250 vinter fora sau i Kaldthus m/lange forbrett, 4 rekker, stålinnredning og strekkmetallgolv. Hengande kuttar og drikkevatn med sirkulasjospumpe.
- Jon Lilleslett, Hovet som hadde 300 vinterfora sau i Kaldthus m/lange forbrett, utforing med rundballkuttar i hengebane, og tallegolv førebels. Vurderer å byggje om slik at han leggje inn rister. Han hadde kjøpt garden på det frie markedet.
- Liv Jorun og Otto T. Øvrejorde, Hovet. Har Geitefjøs m/De Laval mjølkestall og strekkmetallgolv. Har også sau i denne isolerte fjøsen. 100 geiter og 50 vinterfora sauer.

Vi stoppa på Lia Pensjonat og fekk servering av ein framifrå lunsj som var sponsa av Felleskjøpet Agri ved Dag Arne Helle som var med på turen.

I løpet av desse dagane fekk vi være med på ein godt planlagt og organisert tur med opplagde gardsbesøk i Hallingdal og omvising på slakteriet på Gol der vi fekk sjå klipperiggen. Per Liahagen var med som lokal guide.

Søndag 24. oktober
Strategi for reduksjon av tap på utmarksbeite
– forslag til arbeidsplan.
Med bakgrunn i at 7 % av lamma (ca 8000 dyr) vart meldt tapt på utmarksbeite, vil Fylkesmannen sette i gong eit avdelingsprosjekt med Framtidsretta beitebruk der ein må ha som mål at alle beitelag skal ha under 10% tap av lam på utmarksbeite i 2013. Tapsårsakene er mange, men her kan liggje feilkjelder i tala som ikkje bør stå under tapsårsaker. Det ligg mange utfordringar her:

- Flått
- Alveld
- Mangelsjukdomar
- Rovdyr
- Snyltarar
- Vårbeite
- Avl
- Tilsyn

Det vert utarbeidd ein plan som ein prøver å følgje opp. Det vert laga til møter der det vert informert om beitelaga si rolle i å få redusert tapet.

Innspel til arbeidsgruppa:

- Vi må ha fokus på alle mogelege tapsårsaker, ikkje fokusere einsidig på rovdyr.
- Mange slepper dyra for tidleg
- Beitetidspunkt, tilsyn, sanketidspunkt
- 10 % tap som mål er gjerne ikkje så ambisiøst.

Konklusjon: Forslag om å kjøre planen slik den ligg føre.

Geit i Vekst
Ola Søgnesand orienterte om Geitemjølkprosjektet han har jobba med frå 1/1-2007 til 1/7-2010 og at prosjektet er forlenga med 4 nye år der Ola tilsett som prosjektleiar fast i Tine.

Prosjektet har som mål å oppnå status som ein sjukdomssanert geiteregion. Ola orienterte om delmål, arbeidsoppgåver i prosjektet der ein skal motivere og informere om mogelegheiter. Prosjektleiar skal være eit kontaktpunkt som medverkar til positiv tenking.

Informere om :
- Bygningsløysingar, innredning.
- Bygningsplanlegging
- Kjekjøttproduksjon
- Sjukdomssanering

Ein er komme langt med sjukdomssanering men framleis står mange att. Frist for påmelding for sanering er i løpet av 2011 for å få støtte. Frist for sanering er ut 2013.

Aktuelt frå Tine
Helga Kvamsås orienterte om Strategiplan geit 2006 – 2010. Kvaliteten på geitemjølka er forbetra i frå 2006 –2009. Mottatt geitemjølk i Tine ligg om lag på same nivå desse åra. Kvalitetsreglane skal verte revidert til hausten. Ein ynskjer å ta vare på det norske særpreget i geitehaldet. Ein skal viare satse på rådgjeving for foring av geit. Ho orienterte om eksport av geitemjølkprodukt som snøfrisk (fast og krem).

Har no fått mandat for å lage eit nytt utkast til strategi for geit for perioden fram til 2013. Strategien skal ivareta heile verdikjeden. Utfordringane for geitemjølk i Tine framover går på:
- Kvalitet
- Betre bruk av proteinar (kasein)
- Marknad
- Politiske rammevilkår

Totalt vart det produsert 19 117 000 liter geitemjølk i 2009.

Ho snakka om kvalitetsbetaling for geitemjølk, evaluering og revidering av regelverk. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med kvalitetsbetaling i Tine.

Orienterte om ulike osteproduksjonar og kvar dei vert produsert i dag i Norge:
- Haukeli: Frozen Curd og Chevre
- Ørsta: Snøfrisk kvit geitost
- Storsteinnes: Balsfjordost, både blandingsost og rein geitost. Desse vert sortert på grunnlag av smaksavvik.

Eksportmarkedet er krevjande, ein bør innføre ei ekstra premiering av mjølk med særdeles lågt syretal.

Innspel til Helga sitt innlegg:
- (Sigurd Vikesland) Ein del produsentar reagerer på dei nye kvaltetskrava som kom litt brått på. Her er det viktig å informere godt og få god rådgjeving på korleis ein skal fore. Ulike måtar å løyse dette på med mengde kraftfor osb.
- (Dag Arne Helle, FK) Vi har alle utfordringar med å utvikle blant anna kraftfor med innhald som kan hjelpe på til å stette desse krava.
- (Ola Søgnesand) Tiltak med prising som stimuli er viktig for å sleppe å sortere i mjølkekvalitetar. Ein del bønder må også skjerpe seg her. Syte for å få rådgjeving slik at ein kan tilfredstille krava. Dette er fullt mogeleg gjennom foring og avl.

Helga poengterte til slutt at mange aukar mjølkekvotane sine og må også være klar over utfordringa med å oppretthalde tilfredsstillande kvalitet.

Lokallaga sin time
Eli Berge Ness orienterte om:
- Samling for nye småfehaldarar der det er 21 påmelde.
- Grupperådgjevingsprosjekt med veteriner (Fjøsbesøk) Ynskjer å prøve dette ut i Jølster og Sogndal. FMLA er med å støttar prosjektet. Dette er eit prøveprosjekt der ein ynskjer å ha med 6 bønder + veteriner. 1 time i fjøset + 2 timar inne.

- Det har vore gode tilbakemeldingar frå geitedagane.

Erling Offerdal orienterte om:

- Jervesaka i Stryn. Her vert oppretta støttekonto i fylkeslaget der ein oppfordrar lokallaga til støtte. (Gjeld bot på 20000 kroner + 15.000 kroner i saksomkostingar)
- Erstatningssaker. Er nokon blitt behandla dårleg med erstatning, ta kontakt med fylkeslaget. Det er viktig å gå tenesteveg via lokallag og fylkeslag. Gjeld med verknad 3 år attende.

Ragnhild Sæle, kasserar oppfordra om:

- Å få oppdatert adresselister til lokallagsleiarar.
- Konto til spesielle tiltak, overskot vert sett inn på Fond.
- Å få inn alle reisrekningar/krav så snart som mogeleg.

Halvar Espeseth:

- Vi må vurdere leiarsamlingas form med omsyn til lengde og kostnad.

Ola Søgnesand:

- Finansieringa av Geit i Vekst. Rosar fylkeslaget i Sau og geit for å inkludere geitehaldarar.

Halvar Espeseth:

- Vi har vore opptekne av begge leirar både Sau og Geit.

Johannes Nedrebø, Nortura:

- Takka for å få være med på leiarsamlinga. Oppfordra til å bli invitert til fagmøter der han kan bidra med faglege tema. Orienterte om den planlagde fagsamlinga i januar på Skei Hotell.

Dag Arne Helle, Felleskjøpet Agri:

- Takka for å få være med på leiarsamlinga. Oppfordrar bøndene om felles innkjøp og strategi for kjøp av kraftfor.

Halvar Espeseth avslutta leiarsamlinga med å takke Felleskjøpet for sponsing og poengterte kor viktig det er at i at vi har Fylkesmannen med oss. Dei gjer ein god jobb og samarbeider gjerne.

Deretter reiste vi heim att til Sogn og Fjordane og var vel fornøgde med ein flott tur!

ÅRSMELDING 2010 FRÅ AVLSUTVALET FOR SAU I SOGN OG FJORDANE

Medlemane i avlsutvalet 2010:
Audun Nedrebø, Ålhus, leiar
Elling Lillesvangstu, Gaupne
Leif Brekken, Bjordal
Johannes Nedrebø, Ålhus, Nortura
Paul Egge, Stryn, 1. vara
Turid Sundt, sekretær til 18. april
Kjell Steinar Løland, Forsand, sekretær frå 1. august.

Oppgåva til avlsutvalet er å organisere kåringa, og syte for å få avlsframgangen som vert skapt i ringane ut til bruksbuskapane. For å få det til er avlsutvalet avhengig av eit godt samarbeid med lokallaga.

Avlsutvalet får eit tilskot frå regionen til dette arbeidet.

Væreringane
Det er 12 væreringar i fylket. I avdeling Gloppen i Nordfjord værering, er det gjort førearbeid til ei spælavdeling i NKS-ringen. Den skal starte opp til hausten.

I 2010 er det 195 ringmedlemer, 4 mindre enn i 2009. Det er registrert 12.249 sauer i ringane, 152 meir enn i 2009.

Det vart sett inn for gransking 254 prøveverar og 79 eliteværar, det er 4 prøveværar og 7 eliteværar meir enn i 2009. Indeksen vart berekna 7 gonger.

Kåringa
Kåringa 2010 vart gjennomført etter same mal som i 2009. Ein må ha fokus på å hindre smittespreiing. Lokallaga har teke tak i dette, og følgjer stort sett opp pålegga. Transport til og frå kåringsjå er viktig å tenkje på i den samanheng.

928 lam møtte til kåring i 2010. Det er om lag det same som i 2009 (923) 133 lam vart vraka.

Ein vrak 14%
Nortura har ikkje lenger ansvar for pc-kåringa. Kåringsavgifta måtte aukast for å finansiere ordninga. Den er no 120 kr pr. møtt lam. Tal k.sjå med pc kårar fysisk til stades, vart og redusert. K.sjå som hadde under 50 møtte lam i 2009, hadde ikkje pc kårar i 2010.

Dommarsamlinga var på Sandane i samarbeid med Gloppen sau og geit. Kristen Risnes og Kjell Steinar Løland var instruktørar. Ein la denne gongen mindre vekt på teori og meir vekt på praktisk dømming.

Beste vær
Beste vær i 2010 er pelsværen 200957772 Norprins, indeks 149. Væren er granska i 177 Sogn pelsauring og fødd hjå Leif Arne Nordheim. NSG sin store avlsstatuett for 2010, vart tildelt sjeviotværen 200655540 Vilder, indeks 148. Væren er granska i 163 Sunnfjord sjeviotring og fødd hjå Jarle Vilnes, Atløy.

Møter
Avlsutvalet har hatt 2 møter og handsama 18 saker. Som ein del av arbeidet med å spreie avlsframgangen har det vore halde 3 møter. Møtet i Borgund 23. mars hadde Lærdal værering og Lærdal og Årdal sau og geit ansvar for. Foredrag av Bjørn Høyland og Stine Løvik Huse. Møta 13. oktober på Sandane og 14. oktober i Askvoll, var avlsutvalet ansvarleg for, i lag med Gloppen og Askvoll sau og geit. Finn Avdem var foredragshaldar. Tema på møta var avlsarbeid i bruksbuskapane.

Medlemane i avlsutvalet har møtt på årsmøtet til Sogn og Fjordane sau og geit. Leiar har møtt på 2 møter i regionutvalet og 1 møte i avlsrådet for sau.

Sluttord

Det ser ut til at diskusjonen omkring kåringa er roa ned. Kåringa kjem til å fortsette om lag slik den er i dag, ei tid framover. Kravet er at den skal vere sjølvfinansiert. Tilskotet frå regionen kjem ikkje til bli større i framtida, truleg vert det mindre. Dette er pengar som kjem frå avlsbudsjettet til NSG, og fylka bør vise at pengane vert brukte til avlsarbeid.

Her i fylket har vi vore heldige og har ikkje hatt problem og store restriksjonar, på grunn av sjukdom. Ein værering vert rekna som ei smitte-gruppe. Dersom ringmedlemane har dyr av andre rasar, som ikkje er med i ringarbeidet, kan det ikkje hentast avlsdyr utanfor smittegruppa. Det er særdeles viktig at ringmedlemane rettar seg etter dette. Bruksbuskapane bør respektere smittesonene. Hentar ein dyr frå ei anna sone, må ein søke om løyve. Det er viktig at livdyrsalet går føre seg i kontrollerte former, det er ein fordel for alle.

Avlsutvalet vil med dette takke for samarbeidet i året som har gått. *Ålhus, 28. januar 2011 - Audun Nedrebø*

RINGSTATISTIKK FOR SOGN OG FJORDANE, AVLSESONGEN 2010/2011

Ring	Rase	Kontaktperson	E-post adresse	Medl.	Tal på sau	Prøve-værar	Elite-værar
163 Sunnfjord Sjeviotring	Sjeviot	Halgeir Tveit, 6954 Stongfjorden	halg-t v@online.no	17	624	17	6
164 Vik Værering	NKS	Kåre Jostein Sylvarnes, 6894 Vangsnes	sylvar@online.no	19	1195	26	6
165 Sogndal Værering	NKS	Bjarte Stedje	bjartest@gmail.com	20	1344	28	6
166 Lærdal Værering	NKS	Lars Nesse, 6888 Steinklepp	larsnesse@alb.no	23	1876	31	12
168 Nordfjord Værering	NKS	Einar Helge Haugstad, 6770 Nordfjordeid	einar.helge.haugstad@gilde.no	40	1944	46	8
169 Viksdalen Værering	NKS	Leif Magne Vigdal, 6899 Balestrand	le-magnve@online.no	16	729	13	5
177 Sogn Pelssauring	Pelssau	Leif Arne Norheim, Sogndal	lnordhei@online.no	8	508	9	12
171 Jølster Sjeviotring	Sjeviot	Audun Nedrebø, 6748 Vassenden	audun.nedrebo@c2i.net	16	856	23	11
173 Gulen Værering	NKS	Leif Brekken	leif.brekken@enivest.net	10	450	10	4
175 Sunnfjord Værering	NKS	Jan Asle Bolset, 6843 Skei	botavon@hotmail.com	13	1029	22	6
178 Luster Værering	NKS	Tom Idar Kvam	ti.kvam@online.no	14	1319	22	3
180 Sogn og Fjordane Spælring	Spæl	Johannes Nedrebø, 6847 Vassenden	jonedr@online.no	4	375	7	2
Sogn og Fjordane				**195**	**12249**	**254**	**79**

KÅRINGSSTATISTIKK FOR VÊRELAM

Kåringsavgift 2010 (pr møtt lam): kr 120 - Tal kåringsjå: 22 - Tal dommarar dagar: 57

Stad	Frammøtte						Kåra						Vraka	Vrak %
	NKS	Spæl	Sjeviot	Pelssau	Andre	Sum	NKS	Spæl	Sjeviot	Pelssau	Andre	Sum		
Jølster	33	21	35			89	31	20	26			77	12	13
Viksdalen	48	4			1	53	36	3			1	40	13	24
Høydalen	14	1	22		7	44	11	1	20		7	39	5	11
Naustdal	25	7	12			44	20	7	9			36	8	18
Vik	47	3				50	41	1				42	8	16
Aurland	37					37	35					35	2	5
Sandane	53	2		1		56	47			1		47	9	16
Gulen	25	2				27	19	2				21	6	22
Utvik	13					13	13					13	0	0
Lærdal	41	6		12		57	35	3		12		50	7	12
Breim x	27	9	2	3	2	43	18	6	2	2	2	30	13	30
Flekke	15	2	6	5	5	33	16		7	2	1	26	5	15
Nordfjordeid	38	1				39	32					32	7	17
Askvoll	21	1	20		8	50	19	1	17		8	45	6	12
Stryn	31		19			50	25		18			43	7	14
Førde	33	2				35	32	1				33	2	5
Bremanger/Davik	4	1				5	4	1				5	0	0
Hyen	21					21	16					16	5	23
Gardskåring	6	11		2		19	6	11		2		11		0
Luster	58	2				60	52	2				54	6	10
Årdal	19					19	16					16	3	15
Sogndal/leikanger	58			17		75	53			16		69	6	8
Solund	1		7			8	1		5			6	2	25
Sum 2010	**668**	**73**	**123**	**40**	**23**	**928**	**578**	**59**	**104**	**35**	**19**	**795**	**133**	**14**
Sum 2009	**695**	**70**	**96**	**36**	**26**	**923**	**611**	**63**	**91**	**32**	**24**	**821**	**102**	**11**

BESTE VÆRAR I SOGN OG FJORDANE 2010

Kåringsnr. Namn	Rase	O-ind	Far	Oppdrettar	Ring
200957603 Åset R	NKS	142	Lars Eggum	Erling Offerdal	166
200957485 Kvanngod	NKS	141	Kjempegod	Endre Johan Jordalen	164
200957508 Joker Eg	NKS	139	200755194	Dagfinn Kvamme	166
200957528	NKS	137	Lars Eggum	Ole Magne Skårheim	166
200957962 Stål-Dal	NKS	136	Ståletoppen	Kjell Mardal	168
200957191	NKS	135	Benny	Jon Hetle	169
200957588 Kjempe S	NKS	134	Kjempegod	Anders Olav Ekrene	178
200957494 Sylvgod	NKS	134	Kjempegod	Kåre Jostein Sylvarnes	164
200957463 Billy	NKS	134	Benny	Siv og Odd Myrkaskog	164
200957044 Drillo	Sjeviot	139	Vilder	Øystein Årdal	171
200957047 Dalprins	Sjeviot	135	Vilder	Øystein Årdal	171
200957168 Ringo	Sjeviot	135	Rudin	Eilert Årseth	171
200957175 Drømmeprins	Sjeviot	133	Vilder	Bjørn Olav Nedrebø	171
200957772 Norprins	Pelssau	149	Kronprinsen	Leif Arne Norheim	177
200957753 Ståle	Pelssau	133	Kronprinsen	Einar Nedrelo	177
200957757 Frikar	Pelssau	133	Figaro	Einar Nedrelo	177
200957769 Normann	Pelssau	132	Klanken	Leif Arne Nordheim	177
200957026	Spæl	136	Sturla	Johannes Nedrebø	180
200957033	Spæl	131	Matsen	Johannes Nedrebø	180

ÅRSRAPPORT FRÅ GEIT I VEKST 2010

Geit i Vekst starta 1. januar 2007 som eit treårig prosjekt. Prosjektet er retta inn mot geitehaldet og omfattar dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I løpet av første året vart prosjektleiar spurd om å ta over Tinerådgjevar jobben for geitehaldarane i indre Sogn. Jobben var stipulert til 20 % stilling og medførte at prosjektet vart forlenga med eit halvt år, finansiert av Tine, dvs fram til 1. juli 2010.

Under første halvår av 2010 vart det arbeidd med å få forlenga prosjektet ytterlegare. Dette resulterte i at prosjektet vart forlenga fram til april 2014. Ola Søgnesand held fram i jobben som 80 % prosjektleiar og 20% som Tinerådgjevar.

Forlenginga av prosjektet er finansiert slik:

Inntekter	Pr. år	Tilsegn om finansiering pr. 20.06.10
FMLA Sogn og Fjordane	160.000	160.000
FMLA Hordaland	100.000	100.000
FMLA Møre og Romsdal	140.000	140.000
TINE Meieriet Vest	155.000	210.000 *
NORTURA	30.000	-
Sal av planleggingstenester utanom prosjektområdet	40.000	40.000
Sal tenester til Friskere Geiter	50.000	50.000
Sogn og Fj. Bondelag	10.000	10.000
Hordaland Bondelag	10.000	-
Møre og Romsdal Bondelag	10.000	10.000
Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag	5.000	-
Hordaland Bonde og Småbrukarlag	5.000	-
Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlag	5.000	-
Sogn og Fjordane Sau og Geit	10.000	10.000
Hordaland Sau og Geit	10.000	10.000
Møre og Romsdal Sau og Geit	10.000	10.000
Sum	750.000	750.000

*TINE løyver årleg kr 55.000 i tillegg til oppsett beløp i finansieringsplanen pga. ikkje-innvilga midlar frå Nortura, Hordaland Bondelag og Småbrukarlaga i dei tre fylka.

Bygningar:
Interessa for å investere i driftsbygningen er svært stor. Geitehaldarane ynskjer seg betre tilhøve for dyra men også eit lettvintare fjøsstell der ein får bort uheldige arbeidstillingar og mykje tungt arbeid. Dette er både positivt og nødvendig då det har vore nærmast investeringstørke gjennom fleire tiår. Ikkje minst er det gledeleg at geitehaldaren no er blitt meir villeg til å investere i mekanisk forhandsaming.

Bygningsplanlegging er arbeidskrevjande ved at ein først må gjere eit grundig arbeid ute på garden for å sjå på eksisterande bygning med tanke på å finne fram til gode løysingar. Så følgjer arbeid med detaljplanlegging for ombygging og påbygging og seinare oppfølging under byggeperioden. Prosjektet blir også leigd inn av dei andre meieriselskapa, prosjektleiar har difor vore rundt om i det meste av region sør for å planleggje bygningar til geit.

Sjukdomssanering, Friskare Geiter:
Å få til sjukdomssanering er ein viktig del av arbeidet til Geit i Vekst. Prosjektleiar fungerer som regional kontaktperson og er difor mykje ute på oppdrag som rådgjevar i samband med sanering. Prosjektleiar har også innleia om sjukdomssanering på fleire større og mindre møter og tilslutnaden til Friskare Geiter har auka.

Fylke	Tal bruk m. mjølk 01.01.10.	Sanert/ kontrakt	Påmeld u/kontrakt	Rest
Hordaland	35	21	6	8
Sogn og Fjordane	67	44	13	10
Møre og Romsdal	43	12	2	29
Landet	**414**	**230**	**77**	**107**

I samband med jordbrukstingingane for 2010 vart det bestemt at utgangen av 20 11 skal vere siste frist for å melde seg på for sjukdomssanering og at utgangen av 2013 er siste frist for å starte sjølve saneringa.

For å få med resten av geiteflokkane skal det innførast betydelege trekk i mjølkeprisen frå dei som ikkje har meldt seg på for sanering når fristen er ute. Det skal også gjennomførast tiltak frå slakteria ved levering av slakt frå ikkje-sanerte kje eller geiter. Trekk i mjølkeprisen er føreslått gjennomført

frå 1. januar 2012. Også eigarar av ammegeiter og hobbygeiter er underlagt kravet om å sanere.

Kjøtproduksjon på kje:
Geitehaldarane er opptekne av at det må vere brukbare vilkår for produksjon av kjekjøt og mange har meint at dei ordningane som har vore gjennom mange år har vore til å "leve" med.
Tal frå slakteria syner at det har vore levert rundt 10 000 kje årleg.

Kjekjøt var tema under Geitedagane i år og det kom fram at dette slett ikkje er noko lukrativ vare for slakteria. Mykje kje blir liggande på fryselager til dei endar opp med å bli destruert. I følgje Nortura kjem dette av at det er umogleg å få seld kjekjøt av noko mengde.

Det seier seg sjølv at å produsere kjekjøt for destruering ikkje er særleg framtidsretta.
Geit i Vekst har difor bede om at det blir ein dialog mellom Nortura og Geit i Vekst for om mogleg å løyse denne utfordringa. Nortura har svara med å invitere til møte den 1. februar 2011 for å drøfte utfordringane knytt til kjekjøt.

Mjølkeproduksjon:
Interessa for å kjøpe eller leige kvote er betydeleg større enn kva tilgongen på ledig kvote er. Dette har ført til at prisen både på leige og kjøp har skote i veret.

Ein ser at interessa også er monaleg større i region sør enn i region nord.
Den store interessa i vår region heng nøye saman med at mange produsentar vel å investere i drifts-apparatet på garden og satse for framtida. Då blir det fort snakk om millionbeløp og behovet for å auke produksjonen for å kunne forsvare investe-ringa melder seg. Å kunne hente ut hovudinntekta av garden og sleppe dobbelt arbeid er også eit stort poeng for mange.

Prosjektleiar får mange spørsmål om råd i sam-band med kjøp og eller leige av kvote**.**

Fagmøte:
Gjennom året har det vore halde fleire møte i regi av Geit i Vekst der både sjukdomssanering og bygningar til geit har vore tema.

27. og 28 november var det halde fagmøte med julebord i Øystese.

Prosjektleiar har også halde innlegg om bygningar til geit under:
- Geitedagane i Geiranger.
- Kurs på Gardermoen for feltpersonell i Friskare Geiter.
- Kurs for landets salskonsulentar i DeLaval

Førde 31. 01. 2011 - Ola Søgnesand

Vestnorsk kulturakademi – Voss

Kulturbasert næringsutvikling • Etter- og vidareutdanning

Kurs og studietilbod innan

- Matkultur og reiseliv
- Entrepenørskap
- Byggeskikk og bygningsvern
- Tekstilkultur

VKA har som hovudmål å ta vare på, formidle og vidareutvikle erfaringskunnskapen som ligg i den vestnorske kulturarven.

Telefon: 56 51 32 50 – E-post: post@kulturakademi.no – www.kulturakademi.no

TAL FRÅ GEITKONTROLLEN 2010

Berre besetningar som har fått årsutskrift er med i oversikten.
Krav for å få årsutskrift er min. 5 kontrollar og 3 analyser.

Fylke	Tal buskapar i kontrollen		Tal årsgeiter		Årsgeiter pr. buskap	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Møre og Romsdal	28	25	3377	3089	120,6	123,5
Sogn og Fjordane	55	55	5085	5039	92,5	91,6
Hordaland	18	24	1354	1956	75,2	81,5
Landet	295	312	26249	28890	89,0	92,6

Middeltall for avdrått, kraftfôr-forbruk og mjølk produsert på beite for heilårsbuskapar med min 5 kontrollar og 3 analyser.
Middel pr. årsgeit

Fylke	kg mjølk pr. årsgeit (2009)	% prot	% laktose	% fett	Kg PLF	lev. i % av kvote	Fem kr.fôr pr. ærsgeit	Fem kr.fôr pr. 100 kg mjølk	% mj prod. på beite	tal beite-dagar
Møre og Romsdal	665 (646)	3,04 (3,00)	4,37 (4,31)	3,9 (3,66)	78,52 (73,62)	90,8 (94,7)	332 (303)	50 (47)	36,3 (41,0)	126 (129)
Sogn og Fjordane	686 (679)	3,04 (3,02)	4,36 (4,30)	3,78 (3,79)	80,55 (77,95)	92,0 (93,6)	329 (305)	44 (40)	46,6 (50,5)	140 (153)
Hordaland	655 (691)	3,05 (3,10)	4,36 (4,35)	3,74 (3,84)	76,46 (82,11)	92,4 (93,5)	340 (390)	46 (46)	41,8 (35,4)	147 (127)
Landet	693	3,05	4,37	3,88	82,3	91,1	322	42	36,1	119
Landet i fjor	691	3,05	4,40	3,77	83,1	90,0	295	38	34,8	114

Beste geit i fylket 2010: Nr 0017, Vetlemøy, hos Sigurd og Grethe Vikesland.

KÅRING BUKKEKJE 2010

Oversikta nedanfor syner at 93 % av bukkekjea vert gentesta. Frekvensen av bukkar med Genstatus "Null x Null" blir betydeleg redusert kvart år, 5,7 % i år mot 17 % i 2009. Dette er av stor betydning for forventa kvalitetsutvikling på mjølk i åra framover.

Beste bukk i Sogn og Fjordane 2010:
Bukk nr. 2008519 Svarten. Avlsverdi: 130
Eigar: Anlaug og Erling Vanberg, Kandal.

Beste geit i Sogn og Fjordane 2010:
Minnepokalen etter Samuel J. Førde som vert delt ut til produsent med beste geit i fylket kvart år, går i 2010 til Grethe og Sigurd Vikesland frå Aurland. Det er første gong dei vinn pokalen.

Kravet til beste geit, er at ho skal ha 1. premie og minst 9 poeng på jur og eksteriør. Geit nr. 0017 Vetlemøy, fekk 10 poeng på jur, 10 poeng på eksteriør, hadde eigen avlsverdi 142 og fekk samla poengsum 162 og 1. premie.

	Tal bukkar kåra	Genstatus 0	Genstatus 2	Genstatus 5	Ukjent
Hordaland	14	1 (7,1 %)	11 (78,6 %)	2 (14,3)	0 (0 %)
Sogn og Fjordane	88	5 (5,7%)	60 (68,2%)	17 (19,3%)	6 (6,8 %)
Møre og Romsdal	103	0 (0%)	59 (57,3 %)	43 (41,7 %)	1 (1 %)
Region Vest	205	6 (2,9 %)	130 (63,4%)	62 (30%)	7 (3,4%)

Sentralt i fylket

Ideelt for avvikling av møter, kurs og konferansar

Skei Hotel er blant dei leiande kurs-/konferansehotella i fylket. Hotellet har plass til 250 overnattingsgjester, den nye "Jølstersalen" tek inntil 400 personar i plenum og kan delast i 3 salar. Vår kursvert syter for trygg og god gjennomføring av alle kurs- og møtearrangement.

Vi har breiband i heile kurs- og konferanseavdelinga og på alle gjesterom. I symjehallen er det behageleg sommartemperatur heile året. Vi kan også tilby populære aktivitetar i nærmiljøet, t.d. rafting, urvandring, golf, paintball, brevandring og villmarksleir.

Hjarteleg velkommen!

6841 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 78 00
Fax 57 72 78 01
info@skeihotel.no
www.skeihotel.no
Følg oss på facebook

Best Western
SKEI Hotel

ÅRSMELDING FRÅ GJETARHUNDNEMNDA I SOGN OG FJORDANE 2010

S&Fj Gjetarhundnemnd:
Jan Kåre Ravnøy (leiar)
Margrethe Garlid
Kurt Magne Fardal

Nytt av året var fellesmøtet på Skei vinteren 2010. Eit ope møte for alle gjetarhundinteresserte. Gjensidig var tilstades på møtet og orienterte om forsikring av gjeterhund.

Helga 18.-19. mars var det dommar samling i Rosendal. Der deltok Magnus Grimeland, Halvor Tenden og Jan Kåre Ravnøy.

Det vart halde instruktør kurs i Gaupne den 4.-6. juni 2010, der deltok det 7 aspirantar.

Nemnda har hatt møter i samband med gjetarhundprøver.

Gjetarhundprøver 2010:
Klasse 1, 6 prøver
Klasse 2, 8 prøver
Klasse 3, 5 prøver
Tilsaman 163 ekvipasjar

8 nye hundar har vorte fått bestått krava til godtkjent prøve. Fylkesmeisteren i Sogn og Fjordane 2010 vart Frode Gjerde og Sam, Olden.

NM 2010:
Frå Sogn og Fjordane reiste 6 ekvipasjar på NM i Telemark. Beste plassering frå fylket, Magnus Grimeland og Bill, på ein 28. plass.

Tom Idar Kvam og Mist, Hafslo vart teken ut til Nordisk unghund prøve i Sverige. (Folksam Nursery Trial). Plassering: nr 15 av 30 deltakarar.

Kvammen 26/01.2011 - Jan Kåre Ravnøy

SJH
sogn jord- og hagebruksskule

Landsline ***økologiske*** landbruk
Elevar frå heile landet har same rett til elevplass. Søknadsfrist 1. mars.

Gardsbutikk & gartneri
Stort utval av økologiske varer.

Ressurssenter
Tek seg av omvisingar, kurs og prosjekt utanom den ordinære undervisinga.

Sogn Jord- og Hagebruksskule
5745 AURLAND
tlf. 57 63 26 50
www.sjh.no

SNO-INFO OG SKADEDOKUMENTASJON ROVVILT I SOGN OG FJORDANE 2009

Formål og oppgåver for SNO.

- Ivareta nasjonale miljøverdiar, førebyggje miljøkriminalitet og sikre biologisk mangfald.
- SNO kontrollerer og fører tilsyn med lovleg aktivitet i høve freda rovvilt.
- SNO har ansvar for kvalitetssikring og levering av data til bestandovervaking av freda rovvilt.
- SNO har dokumentasjonsansvar for beitedyr som kan vera påført skade av freda rovvilt.

Bestandovervaking i høve nasjonale overvakingsprogram.

- Bjørn: Innsamling av ekskrement/hår for DNA.
- Ulv: Sporing, innsamling av DNA, yngleregistreringar.
- Gaupe: Registrering av familiegrupper.
- Jerv: Innsamling av DNA + yngleregistrering.
- Kongeørn: Nærare vurdering av metodikk for registrering. Prosjekt på gang.

Skadedokumentasjon av beitedyr.

- Husdyreigar melder ifrå om kadaverfunn.
- Husdyreigar skal påvise kadaverfunn for RVK.
- SNO registrerer med rapport og bilde.
- Opplysningane lagt inn www.rovbase.no
- Fylkesmann handsamar søknad om erstatning. Frist innan 1. november.

Spor av freda rovvilt

Jerv: Hann 13-16 cm, Ho: 11-13,5 cm.	Gaupe: Hann 7,5 -10cm. Ho 7 -9 cm.
Sporteikn: 5 porar, tydlege klør, klørne ikkje i symmetri.	Sporteikn: 4 potar, oftast ikkje synlege klør, klørne ikkje i symmetri.

Bjørn(bakfot): Hann 19,5-26cm, Ho 16-21cm.	Ulv: Hann/ho 8,5-11,5cm.
Sporteikn: 5 potar, tydlege klør, stort spor.	Sporteikn: 4 potar med tydlege klør, står symmetrisk. Mykje likt hundespor.

SNO`s rovviltkontaktar i Sogn og Fjordane.

Namn:	Tlf:	Ansvarsområde:
Ingolv Folven	481 31 838	Region Nordfjord
Finn Olav Myrhen	992 02 664	Region Sunnfjord
Einar Fortun	945 04 693	Region Sogn
Andreas Otterhjell	977 72 812	Region Sogn
Håkon Øydvin	995 67 650	Region Sogn

Regionalt rovviltansvarleg i SNO- Sogn og Fjordane:
Rein-Arne Golf - 480 94 364 - rein-arne.golf@dirnat.no

STATENS NATUR OPPSYN

STRATEGI FOR REDUKSJON AV TAP AV LAM PÅ UTMARKSBEITE

Avdelingsprosjekt, landbruk 2010:

PROSJEKT FRAMTIDSRETTA BEITEBRUK

- **Strategi for reduksjon av tap av lam på utmarksbeite**

1. Bakgrunn

Tap av dyr på utmarksbeite i Sogn og Fjordane er for høgt, tal frå organisert beitebruk viser at rundt 7 % av lamma, tilsvarande ca 8 000 dyr, forsvinn på utmarksbeite kvart år. Tapstala varierer mykje både mellom kommunar, beitelag og enkeltbrukarar, årsakane til tapa er mange. Nokre stader er det tap pga rovdyr, men dei største tapa kjem av andre årsaker, både kjende og ukjende. Det er viktig både ut frå dyrevelferd og for økonomien i husdyrhaldet å få redusert beitetapa. Utmarksbeite er dessutan ein viktig ressurs å utnytte utan at det skal føre til store tap av beitedyr. Fylkesmannen har eit ansvar innan beitebruk og tap av dyr på beite, og skal samarbeide med rovviltforvaltinga på dette feltet.

På bakgrunn av dette har Fylkesmannen si landbruksavdeling valt å arbeide med tapstal som eit eige avdelingsprosjekt i 2010. Målet er å lage ein fleirårig strategi for å redusere beitetapa. Strategien skal bidra til at beitebrukarane i dei verste tapsområda set inn fleire tiltak for å redusere tap av beitedyr, og at tap av dyr på beite i heile fylket går ned dei neste åra. For å nå desse måla må det setjast inn tiltak både på fylkes-, region-, kommune- , beitelags- og produsentnivå.

2. Mål

Avdelingsprosjektet "Framtidsretta beitebruk" er eit internt prosjekt som går over eitt år der hovudmålet er å utarbeide ein strategiplan for å redusere tap av lam på utmarksbeite. Delmål er i prosjektplanen beskrive slik:

1. Finne tapsårsaker og redusere tap av dyr på utmarksbeite
2. Lage oversikt over aktuelle tapsårsaker
3. Ekstra oppfølging av beitelag med høge tap
4. Lage ein fleirårig strategi for å redusere beitetapa

3. Organisering og arbeidsmetode

Det er sett ned ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå næringa og Fylkesmannen. Dei som er med i arbeidsgruppa er Jon Nummedal (Bondelaget), Ingolv Folven (Bonde- og småbrukarlaget), Leif Brekken (Sau og geit) og Liv Astrid Nordheim Kusslid (vikar Torleif Bakke), Hermund Mjelstad, Bjørn Harald Haugsvær og Helen Haaland, alle frå Fylkesmannen. Andre samarbeidspartar som Mattilsynet, SNO og kommunane vert involverte etter behov.

4. Tapstal og tapsårsaker for lam på utmarksbeite i Sogn og Fjordane

Alle data i dette kapittelet er henta frå innrapportering frå beitelaga i fylket gjennom Organisert beitebruk. Dei aller fleste sauehaldarane i fylket deltek i organisert beitebruk gjennom 126 beitelag. Tal frå organisert beitebruk omfattar omlag 180.000

sau/lam, dette utgjer ca 93% av dyr slept på utmarksbeite i fylket.

5. Strategiplan for reduksjon av tap av lam på utmarksbeite

... Strategiplanen er tenkt revidert kvart tredje år slik at den kan vera eit oppdatert og mest mogeleg målretta verktøy i arbeidet med å redusere tap av lam på utmarksbeite. Fylkesmannen vil kvar haust gå gjennom strategiplanen og årsmeldingane frå beitelaga, og saman med arbeidsgruppa prioritere tapsførebyggjande tiltak og satsingar for komande år.

Hovudmål:

- Gjennomsnittleg lammetap i Sogn og Fjordane skal vere mindre enn 5 % innan 2015

Delmål:

- Lage ein fleirårig strategi for å redusere tap av lam på utmarksbeite i Sogn og Fjordane.
- Prioritere målretta tiltak for redusert lammetap
- Etablere eit god samarbeid og fordele oppgåver mellom faglaga, Mattilsynet og Fylkesmannen
- Redusere tap av lam i beitelag som får spesiell oppfølging med minst 3 prosentpoeng pr år med oppfølging
- Gjennomføre tiltak som aukar bonden sin kunnskap om godt husdyrhald.

6. Oppfølging

Fylkesmannen vil kvar haust gå gjennom strategiplanen og årsmeldingane frå beitelaga for saman med arbeidsgruppa å kunne prioritere tapsførebyggjande tiltak for det komande året. I etterkant skal det arrangerast eit møte med andre aktørar for å få til best mogleg samarbeid og koordinering av innsatsen i året som kjem. Målet er å samlast om ein årleg handlingsplan som skal innehalde mål, tiltak, tidsplan og fordeling av ansvar.

Kunnskap er eit gjennomgåande tema i planen, og her må offentleg forvaltning, varemottakar og landbruket sine organisasjonar dra i same retning for å nå dei måla som er sett. Fylkesmannen vil vere pådrivar og koordinator for å prioritere og få best mogleg effekt av dei tiltaka som vert sett i verk.

Miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen har viktige oppgåver med forvaltning av freda rovvilt og konfliktdempande tiltak. Landbruksavdelinga sitt ansvarsområde er beitelaga og region- og fylkesovergripande tiltak, og mykje av oppfølgingsarbeidet vil skje i samarbeid med beitelaga. Mattilsynet vil følgje opp einskildprodusentar med høge lammetap og ha dialog med privatpraktiserande veterinerar om situasjonen på einskildbruk. Faglaga har ei viktig rolle i arbeidet med kunnskapsformidling saman med fylkeskommunen, og vil ta initiativ og støtte opp om lokale tiltak.

Beitelaga si oppgåver er å arbeide for felles beitebruk i utmark og redusert beitetap gjennom organisert tilsyn, sanking og andre fellestiltak. Produsentane følgjer opp fôring, stell, medisinbehandling og krav til dokumentasjon som; dyrehaldjournal, helsekort og tilsynslister.

Samarbeidspartar

Arbeidsgruppa bør bestå av Fylkesmannen, Sau og geit, Bondelaget, Småbrukarlaget og Mattilsynet. Det er aktuelt å samarbeide med SNO, varemottakar, rådgjevingstenesta, turlag og andre etter behov. Kommunane må verte utfordra til å vere med på lokale tiltak i sin kommune.

Har DU sikra deg økonomi og tid til å trivast i kvardagen? TINE rådgjevarar kan hjelpe deg på veg!

TINE Effektivitetsanalyse (EK): Ei driftsøkonomisk analyse av det som har skjedd og eit godt grunnlag for å planlegge framover. Blir til i samspel mellom bonde, TINE rådgjevar og rekneskapsførar.

TINE Vegval og strategisk rådgjeving: Me tilbyr ein objektiv diskusjonspartnar når du skal planlegge langt fram i tid.

TINE Produksjonsplan ØRT: Eit verktøy som gjev svar på korleis ulike endringar du vurderer i driftsopplegget, verkar inn på økonomien på dekningsbidragsnivå.

TINE Bygningsplanlegging: Teikning av nybygg, påbygg eller endring av eksisterande bygningar. Prosjektering, kostnadsoverslag og byggeleiing.

TINE Driftsplan: Saman med deg utarbeider me driftsplan som kan nyttast som dokumentasjon for å skaffe finansiering til større investeringar på bruket.

TINE Kraftfôrliste: Når du ynskjer å betre økonomi gjennom å:
- Auke avdråtten og/eller proteinprosenten
- Betre fruktbarheita
- Redusere fôringsrelaterte sjukdomar

TINE Fjøstrafikk: Kontakt TINE rådgjevaren når du er på jakt etter gode løysingar som tilfredsstiller haldforskriftene.

TINE Mjølkemaskinkontroll: Ein grundig og objektiv kontroll av mjølkeutstyret, tilstandsrapport og råd om utbetringar. Mjølkeanlegget bør kontrollerast minst ein gong pr. år.

TINE Funksjonstest: Blir gjennomført under mjølking. Kan avdekke forhold både ved mjølkeanlegg og mjølketeknikk som kan verke negativt på jurhelsa, men som ikkje kjem fram ved service eller mjølkemaskinkontroll.

TINE Ventilasjon: Rådgjevar reknar ut ventilasjonsbehovet i fjøsen, sjekkar kapasitet på vifter og ventilar, måler trekk med meir og gjev råd om utbetringar.

AHTS (Aktivt medlemskap i Helsetenesta for storfe): "Bedriftshelsetenesta" for ku! Storfehelserådgjeving med fokus på førebyggande tiltak.

Utvida Avlsplan
Gjennomgang av besetningen i fjøset med sterkare fokus på enkeltdyr. Avlsrådgjevaren hjelp med å finne riktig okse til kvar einaste ku. Unngå uheldige kombinasjonar i "robotplanar".

TINE Rådgiving

Ta kontakt med TINE Rådgivaren for meir informasjon

STYRET I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT

NSG Norsk Sau og Geit

Leiar - Halvar Espeset
Askrova 6919 Tansøy
Mobil 91 72 37 92
E-post: halvar@sifon.no

Nestleiar - Leif Brekken
5962 Bjordal
Mobil 91 79 83 02
E-post: leif.brekken@enivest.net

Styremedlem - Eva Høydal Skjærli
6983 Kvammen
Mobil 97 06 44 24
E-post: evedal2009@hotmail.com

Styremedlem - Tom Idar Kvam
6869 Hafslo
Mobil 90 93 39 48
E-post: ti.kvam@online.no

Skrivar - Eli Berge Ness
6978 Viksdalen
Mobil 95 86 60 50
E-post: eli.ness@online.no

1. vara - Lars Olav Vanberg
6823 Sandane
Mobil 97 78 22 86
E-post: larsovanberg@hotmail.com

Vi har det meste - rimelegare enn dei fleste

Knarrhult`s Klippekrakk

Varmgalvnisert klippekrakk. Krakken vippast enkelt opp til rett arbeidshøgde. Ein lyfter berre 25 % av vekta på dyret pga dei avrunda føtene.

Drikkeutstyr for sjølvmontering

Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, stål- og plastrøyr, røyrdeler m.m.

Klippeutstyr

Stort utval av hengemaskiner, håndklippemaskiner, knivar og kammar.

Framfallssele

Framfallsselen med mange fordelar.

Råmjølkserstatning

Reddar tusenvis av lam.

Lammebarar

Komplette lammebarar med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Be om gratis katalog eller sjå vår nettbutikk

as Nessemaskin

Nessane, 6899 Balestrand, Tlf. 57 69 48 00

www.nessemaskin.no

SENTRALE E-POSTADRESSER

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga	post@fmsf.no
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga	post@fmsf.no

Kommunane i Sogn og Fjordane:

Askvoll	postmottak@askvoll.kommune.no
Aurland	post@aurland.kommune.no
Balestrand	postmottak@balestrand.kommune.no
Bremanger	post@bremanger.kommune.no
Eid	post@eid.kommune.no
Fjaler	postmottak@fjaler.kommune.no
Flora	postmottak@flora.kommune.no
Førde	postmottak@forde.kommune.no
Gaular	postmottak@gaular.kommune.no
Gloppen	post@gloppen.kommune.no
Gulen	postmottak@gulen.kommune.no
Hornindal	post@hornindal.kommune.no
Hyllestad	postmottak@hyllestad.kommune.no
Høyanger	postmottak@hoyangerlkommune.no
Jølster	postmottak@jolster.kommune.no
Leikanger	postmottak@leikanger.kommune.no
Luster	postmottak@luster.kommune.no
Lærdal	post@laerdal.kommune.no
Naustdal	postmottak@naustdal.kommune.no
Selje	post@selje.kommune.no
Sogndal	postmottak@sogndal.kommune.no
Solund	post@solund.kommune.no
Stryn	postmottak@stryn.kommune.no
Vik	post@vik.kommune.no
Vågsøy	post@vagsoy.kommune.no
Årdal	postmottak@ardal.kommune.no

Rovviltnemnda region 1	
(Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane)	anders.braa@fmro.no
Sogn og Fjordane Bondelag	sogn.fjordane@bondelaget.no
Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag	harun@online.no

EIGNE NOTAT: